

Tjukk l – Retroflektert tydeleggjering av kort kvantitet

Om kvalitetskløyvinga av det gamle kvantitetssystemet

Av Eldar Heide

*Fleire har sett tjukk l, tjukk n og palatalisert og segmentert ll og nn i samanheng. Forfattaren peikar på korleis desse innovasjonane fordeler seg i Norden, på at dei høyrer til ei kvalitetskløyving av det gamle kvantitetssystemet, og på at kvalitetskløyvinga av vokalar og konsonantar er parallell. Sentral-Norden har særleg markert dei korte lydane, med retroflektering e.l., og randsonane særleg dei lange, med motsett tungestilling. Derfor forklarar forfattaren tjukk l som ei retroflektert tydeleggjering av kort kvantitet, oppstått innanfor det gamle kvantitetssystemet, truleg på 13–1400-talet, i Sentral-Norden fordi retroflektering er ein sentralnordisk innovasjon. – Tjukk l av rð er retrofleksassimilering av rð, på linje med /d/ og /t/ av rd og rt. På eit vis er da tjukk l av rð og tjukk l av l uavhengige, men dei er utslag av den same sentralskandinaviske retroflekteringstendensen. Artikkelen bygger på litteratur om språkhistorie, tjukk l og nordiske målføre og på lydlovsresonnement.**

1 Tjukk l

Storm (1884: 105 ff.) si skildring og avgrensing av tjukk l er framleis den mest utfyllande, jamvel om ho ikkje er fullstendig. Han peikar på at tjukk l aldri er “forlænget eller fordoblet”, og gjer greie for kva opphav han har og kva stillingar han kan ha i dialektane. Tjukk l:

* Takk til deltakarane på FORSE-seminaret ved Universitetet i Bergen 07.02.2008 for merknader til ideen bak denne artikkelen, til Helge Sandøy og Maal og Minnes anonyme konsulent for merknader til utkast, og til Trygve Skomedal for å ha lært meg å resonnerer på denne måten.


- ▶ Kjem alltid av gammal kort *l*, aldri av gammal *ll* – i tillegg til at han kan komma av *rð*.
- ▶ Finst ikkje i framlyd, bortsett frå i [Älvdalen i] Dalarna i Sverige.
- ▶ Finst lite etter fremre vokal; såleis aldri etter opphavleg *i*, sjeldan etter opphavleg *y* og *e*, og vaklande etter *ø*. Dette gjeld ikkje i älv-dalsmål; der står tjukk *l* liksom gjerne etter dei fremste vokalane.
- ▶ Finst ikkje i gammal stamme-*ld* bortsett frå i “Ord som” *older* f. ‘or’ og *hulder* f. [der *ld* frå gammalt av har vori følgd av *r* som høyrer til stammen, E.H. Larsen 1886: 66 nemner fleire ord av denne typen + eit som ikkje har etterfølgjande *r*. Jamfør fotnote 5.]
- ▶ Står ofte ikkje føre *j*, som i verba *selja*, *telja*.
- ▶ Finst etter konsonantar som ikkje er “Tandlyd”; altså i *blad* n., *flå* vb., *plaga* vb., *klå*, vb., *gamle* adj. pl., *nøklar* m. pl., *fugl* m. *skavl*, osb. “Derimod efter Tandlyd [tynd] *l*, som i *has’sæl* af hasl, *han’del*”.

Eg vil føye til at tjukk *l* også finst (etter vokal) føre konsonantar som ikkje er “Tandlyd” – altså dentalar og alveolarar – i ord som *tal*g m., *kjelke* m., *belme* vb., *dolp* f., *elv* f. Dessutan finst det døme på tjukk *l* føre “tannlyd” òg: /ha(:)ɾs/ m. ‘hals’ i gammalt mål på Nordmøre, i Lom (Nord-Gudbrandsdalen), nedre Dalarna og til dels estlandssvensk;¹ /a:ɾn/ f. ‘aln (lengdemål)’, /te:ɾn/ f. ‘telne, tenel, tau langs kant av segl og garn’ i nedre Dalarna (Levander 1925–28 II: 53–54). Etter alt å døme vart desse orda før uttala med tjukk *l* over resten av tjukk *l*-området òg. Der er uttalen no /ha:s/, /a:ɾ/, /⁽²⁾tæ:ɾn(e)/, og den blir uforklarleg elles. (Likeins i verbet *kolne*, som i Trøndelag blir uttala /⁽²⁾køu:ɾn(e)/.) Derimot kjenner eg ikkje døme på *lt* med tjukk *l* anna enn i bøyning (i ord som /he:ɾt/, n. av adj. ‘heil’, nedre Dalarna), der det kan komma av systemtvang. Dette stemmer med *ld*, der berre nokre svært få mål i nedre Dalarna har tjukk *l* (ibid: 50), og resten av tjukk *l*-området, etter det eg veit, har former som føreset tynn *l*. Unntaket er dei nemnde orda som har (hatt) -*r* etter *ld*; dessutan bøyingsformer som /²væde/ pret. av /²værja/ ‘velja’, der tjukk *l* kan vera overført frå infinitiv, og så nokre få hokjønnsord av ein viss avleiingstype: *Dæld* f., *kjöld* f. og *fjöld* f. /dæd/ osb. (Trøndelag, Nord-Vest-


1. Larsen 1886: 66, note (Nordmøre); Storm 1884: 107, Dagsgard 2006: 266, Levander 1925–28 II: 55, Tiberg 1962: 53.

Noreg, i alle fall.) For den siste gruppa kan det ha verka med at grunnformene har tjukk *l*: /fjø:ɾ/ osb.²

Figur 1 og figur 2 viser utbreiinga av tjukk *l* i Norden.³



Figur 1. Tjukk *l* av *l* og av *rð* i Norden. Etter Sandøy 1987: 74.



Figur 2. Tjukk *l* og gammel *rð* i austsvensk. Etter Harling-Kranck 1998: 147.

Merknad til figurane: Gotland skal før ha hatt tjukk *l* av *l* (Zetterholm 1939: 55, Bandle 1973: 89, note 43). Øvre Dalarna har *rð* > *rð* / *rd* (Levander 1925–28 II: 76), men området er mindre enn vist på kartet. Delar av øvre Dalarna har heller ikkje tjukk *l* av *l* (ibid: 44–45); sjå figur 3. Vestfjordane på Island har frå gammalt av *rd* < *rð* (Ásgeir Blöndal Magnússon 1959).

2. Disse unntaka kjem neppe av at *ld* i akkurat dei orda kjem av *lð*, for dei fleste orda som heldt på *lð* til 1200-talet får ikkje tjukk *l*, som *kald(r)* adj., og *dæld* høyrer til orda som fekk *ld* alt i vikingtida (for det har gammal lang rotvokal), men kan likevel ha tjukk *l*.
3. At standardsvensk ikkje har tjukk *l* er sein restitusjon. *D* uttala i *rd*, med retrofleks, er skriftuttale, jf. skrivemåtar som *svål* 'fleske)sword', *ifjol* 'i fjor(d)' og *hin håle* 'den harde, djevelen', som viser at eldre uttale var tjukk *l*. Stockholms-målet skal ha hatt tjukk *l* så seint som på 1700-talet og kanskje noko innpå 1800-talet (Wessen 1945: 109, Haugen 1976: 369).

2 Forskingshistorie

Dei fleste meiner tjukk *l* oppstod fyrst av *rð* og så vart “lånt over til de oprindelige *l*’er” (Larsen 1907: 74).⁴ Molde (2005: 51) meiner likevel det er vanskeleg å sjå noka rimeleg *årsak* til denne overføringa (ibid: 108). Motsett rekkefølge er det visst berre Kolsrud (1951: 36) og Ronge (1993) som meiner det var. Ronge peikar på at tjukk *l* av *l* er mest utbreidd, og at det tyder på at den er eldst.

Om kva som var føresetnaden for overgangen *l* > [r] er det større usemje. Axel Kock (1883, 1893) sette tjukk *l* i samband med tjukk *n* – som er retrofleks *n*, i somme midtnorske og nordsvenske mål brukt i ord som *hane* m. /^hha:ŋa/ og *son* m. /so:n/, altså i ord med gammalnordisk kort *n* (sjå Figur 3 og drøftinga nedanfor) – og meinte både tjukk *l* og tjukk *n* hadde funnist i det gammalnordiske fellesspråket og at føresetnadene var å finne i urnordisk. Det siste gjekk han lite inn på, og unngjekk dermed spørsmålet om korleis tjukk *l* var oppstådd. Resonnementet til Kock var at mangt tydde på at gammalnordisk hadde ulike kvalitetar av *l* og *n* (til dels knytte til kvantitet), og han gjekk ut frå at den eine typen var den tjukke. Mange av Kock sine argument for to kvalitetar har vist seg å bygge på sviktande grunnlag, men i alle fall dette har stått seg: Gammalislandsk kort og lang *l* og *n* tedde seg ulikt når det kom *s* etter. Etter den lange vart det skoti inn ein *t*, etter den korte ikkje. Genitiv av adjektivet *fullr* var såleis *fullz* /fults/, medan genitiv av adjektivet *fúl*r var *fúls*, utan *t*. Same skilnaden var mellom *mannz* /mants/, genitiv av *maðr* (< *mannr*), og *mans*, genitiv av *man* n. ‘kvinne’.⁵ Denne skilnaden er det vanskeleg å forklare dersom det ikkje var kvalitativ skilnad mellom kort og lang *l* og *n*, meinte Kock [fordi kvantitetsmotsetnaden vart nøytralisert i konsonantgruppe, slik at skilnaden mellom *l*- og *n*-typene berre kan ha vori kvalitativ, kan eg leggja til]. På Kock si tid var mange samde i at den gamle korte *l*-en i det gammalnordiske fellesspråket var = dagens tjukke *l* (m.a. Hultman 1894: § 1,21; 44 osb., Noreen 1904: 41–42 og 1923: 42, 189). Men i seinare tid finn vi denne ideen berre hos Wessén (1968: 35, 55) og Kusmenko (1997), og han blir avvist av fleire (Zetterholm 1939, Bandle


4. Nærare om forskinga på tjukk *l* hos Bandle 1973: 88, Ronge 1993, Kusmenko 1997.

5. Som Kock skriv eg gammalnordisk generelt med norrøn normalortografi, av praktiske grunnar. – Overgangane *mamm*s > /mants/ og *full*s > /fults/ bør settast i samband med overgangen *nnr* > *ndr* i austnordisk, > *ðr* i vestnordisk (*mannr* > *mandr*, *maðr*), og *nr* > *mbr*, /mr/ > /mbr/ i austnordisk (*hamrar*, *gamlir* > *hambrar*, /^hgambre/).


1956, Jakob Benediktsson 1959). At det var ulike kvalitetar av *l(l)* og *n(n)*, ser det likevel ut til å vera brei semje om i dag (jf. t.d. Bandle 1956: 147 ff., Jakob Benediktsson 1959, Ronge 1993 og Bakken 2001).

Når det gjeld overgangen *l* > [ɾ], er det vanlege synet at utgangspunktet var eit slag “halvtjukk” *l* som fanst i visse stillingar i gammalnordisk – medan ein annan *l*-kvalitet fanst i andre stillingar. Amund B. Larsen var tidleg ute med eit slikt syn (1886: 64–65). Han meinte tjukk *l* utvikla seg frå ein slik *l* som tjukk *l* modifisert av etterfølgjande tynn *l*, som i *Op' Larsa* <Ola Larsen> i trønderdialekt [altså *l*-en som særmerker Bodø-dialekten; der truleg oppstått som modifisering av omlandsdialektane sin tjukke *l*, E.H.]. Christiansen (1946–48: 138 ff.) seier *l*-en som vart tjukk *l* var “velar (baktunge-*l*) i innlyd og utlyd”, om lag som “*li* engelsk den dag i dag”. I Nord-Noreg har ho “funnet velar *l* framfor *k* og *p* hos gamle folk (*hølke, kvalp*).” – Indrebø (1951: 133), Bandle (1973: 89–90), Haugen (1976: 274 ff.), Sandøy (1987: 184), Ronge 1993 og Kusmenko (1997) sluttar seg til dette synet. Sandøy uttrykker seg slik at den gamle, korte *l*-en hadde “ein velar, eller ‘mørk’ uttale”. Han legg vekt på at dei to *l*-kvalitetane var knytte til ulik kvantitet og at dei derfor hadde komplementær fordeling (var kombinatoriske variantar). Molde (2005: 51) avviser ikkje den “halvtjukke” *l*-en, men peikar på at han ikkje kan forklare tungespiss-slaget i den tjukke *l*-en.

Korleis den gammalnordiske “halvtjukke” *l*-en kan ha oppstått, er det få som går inn på. Mange seier at det berre var den gamle korte *l*-en som var slik, men stoppar med det. Amund B. Larsen går eit steg vidare i eit verk om trønderdialektane (1886: 64–65). Han følgjer opp Kock (1883, 1893) si kopling av tjukk *l* og tjukk *n*, utvikla av gammal kort *l* og *n*. Larsen viser til at det er parallellitet mellom *l* og *n* også i den gamle lange kvantiteten – begge blir palatale i Trøndelag, og det skjer særleg etter fremre vokal. Tjukk *l* og *n* utvikla av gammal kort *l* og *n* kan sjåast som ein motsetnad til denne voksteren, peikar Larsen på. Han føreslår at tjukk *l* av *l* oppstod pga. assimilasjon til bakre vokal (jamfør at tjukk *l* vanlegvis ikkje finst etter gammalnordisk fremre vokal); tungestillinga i *l*-uttalen vart prega av tungestillinga i vokaluttalen. Ronge 1993 meiner òg tjukk *l* må sjåast i samband med palatal *l* av gammal lang *ll*. Kusmenko (1997) går vidare: Tjukk *l* og tjukk *n* må sjåast i samband med palatal *l(l)* og *n(n)* – og med segmentert *l(l)* og *n(n)*, i dei måla som har



Figur 3. Tjukk *n* av gammal kort *n*, vist med glissen skravering. Etter Zetterholm 1939, bilag. Den breie streken er grensa for tjukk *l*. Grå skugge viser tynn *l*. Legg merke til "øyane" med tynn *l* i Dalarna – ei aust for Siljan og ei bittelita lenger nordvest. Jf. Levander 1925–28 II: 44–45.



Figur 4. Palatalisering av gammel *ll* og *nn* og segmentering av *ll*. Etter Sandøy 1987: 78. Åbolands-skjergården sørvest i Finland har hatt palatal segmentering, jf. Solstrand 1925: 104 og Vendell 1904: xxi.

fått den voksteren av gammel lang *ll* og *nn*.⁶ Kusmenko peikar på at mange nordiske mål i dag har kvalitativ motsetnad som vidareføring av gammel kvantitativ motsetnad *l* : *ll*, *n* : *nn* (meir om det i drøftinga nedanfor). Han avviser likevel at palatalisering og segmentering kom på grunn av kvantitetsomlegginga, for å “berge” den tydingsberande motsetnaden (som kvantitetane bar), slik somme meiner. Kusmenko meiner kvantitetsmotsetnaden hadde kvalitetsmotsetnad knytt til seg lenge før kvantitetsomlegginga, nemleg heilt frå 8–900-talet. Da vart *-lR* og *-nR* assimilerte til *-ll* og *-nn*, og dei vart palatale fordi *-R* var palatal. Kusmenko har, så vidt eg kan sjå, to argument for at det var motsetnad mellom to kvalitetar av *l* og *n* så tidleg:

- Det ser ut til å vera ulik kvalitet markert i fleire gammalnordiske skrifttradisjonar.
- Han meiner, med Celandier 1906, at kort og lang *l* og *n* i norrøn skaldediktning ikkje kunne innrime, enda andre par av kort og lang konsonant kunne det [t.d. *k* – *kk*, *t* – *tt*, osv, E.H.].

Det er òg få som går inn på korleis *rð* vart tjukk *l*. Dei fleste seier litt ullent at *rð* vart “assimilert” til tjukk *l* (m.a. Christiansen 1946–48: 138 ff., Sandøy 1987: 185, Ronge 1993: 200). Seip (1931: 187) forklarar voksteren i *rð* slik at “*r* ... trekker ð lenger tilbake i munnen”. Dèt forklarar både den vestnorske voksteren, der *ð* fell bort, og den austnorske, der “*r* selv [falt] bort og *ð* gikk over til” tjukk *l*, meiner Seip. Han bygger m.a. på jamføring med *rt*, *rs* og *rl*, som han meiner er parallelle til *rð* og *lt*, og som i austnorsk blir retroflekterte (jf. Seip 1934: 77 ff.). Kolsrud (1951: 38–39) meiner *rð* i austnorsk fyrst vart *rd*, “som enno held seg sumstad i Telemark og Aust-Agder”. Dette *rd* vart så retroflektert til tjukk *l*, slik det kan skje med *rd* i preteritumar som *gjorde* og i ordsamanstøyt: *far din* > /^hfa:ɾin/, meiner Kolsrud. Kristoffersen (2000: 24) meiner overgangen *rð* > [ɾ] har samanheng med at tungespissrørsla i uttalen av *rð* liknar tungespissrørsla i uttalen av [ɾ]. – Det er òg fleire som peikar på eit generelt samband mellom

6. Kusmenko (1997: 123–24) meiner “Palataliserade och segmenterade dentaler” fyrst var “varianter av samma fonem”. Dei palataliserte stod etter korte vokalar, og dei segmenterte etter lange vokalar. I kvantitetsomlegginga vart segmentering generalisert i dei målvalda som forlengde vokalane, palatalisering i dei målvalda som forlengde konsonantane. Tanken er interessant, men blir motsagd av at dei aktuelle lydane finst også i mål med gammalt kvantitetssystem, med same fordeling som i andre mål.

overgangen $r\ddot{d} >$ tjukk l og retrofleksassimilering av konsonantsamband som rt : Dei to ovringane kom i lag, eller det er (stort sett) dei same måla som frå gammalt av har dei (Seip 1931: 187, Indrebø 1951: 133, Bandle 1973: 90, Haugen 1976: 274 ff., Sandøy 1987:73 ff.). Molde (2005: 68–69, 104, 135) kjem fram til at overgangen $r\ddot{d} > [ɾ]$ har “samme struktur som retroflektingen”, for i begge tilfella var utgangspunktet r + ein lyd uttala med tungespissen mot eller nær framtennene (mi formulering), nemleg $r\ddot{d}$; rt , rn , rl , rs , og i begge tilfella vart resultatet retrofleksar. (Tjukk l blir rekna til retrofleksane, minner Molde om.) Molde reknar derfor overgangen $r\ddot{d} > [ɾ]$ som “en del av samme prosess som retroflektingen” (ibid: 69).

Seip (1931: 187) meiner $r\ddot{d}$ vart tjukk l så tidleg som på 1200-talet. Det bygger han m.a. på at rt , rs og rl , som er parallelle til $r\ddot{d}$ og lt , har skrivemåtar som tyder på at dei vart retroflekterte (jf. Seip 1934: 77 ff.). Indrebø (1951: 133) seier om lag det same. Torp og Vikør (2003: 72) sluttar seg til det. Sjöstedt (1936: 297 ff.) er samd i at overgangen kom på 1200-talet, men legg vekt på at den tidlege dateringa berre kan gjelde kjerneområdet, og meiner spreingstida har vori eit par hundre år eller meir. Ronge (1993) går kritisk gjennom forsøka på å datere tjukk l . Han avviser argumenta og skrivemåtane som har vori dregne fram som vitnemål om tjukk l på 1200- og 1300-talet. Mange av dei er uvisse, og dei andre treng ikkje vise anna enn at gammalnordisk kort l hadde “tilbakadragen” uttale, meiner Ronge; det er ikkje grunnlag for å seia at uttalen var = tjukk l . Ronge kjem fram til at utvitydig heimel for tjukk l av $r\ddot{d}$ ikkje finst før i andre halvdel av 1400-talet, og da i Midt-Sverige. Der / da finn vi fleire omvende skrivemåtar; det eldste dømet er frå Uppland i 1459 (*skælixtha*, med <l> av $r\ddot{d}$, jf. at same namnet er skrivi *skiærdæstum* 1329; bygd ved Uppsala). I Noreg er det ikkje sikre døme før etter 1500. Tjukk l av l finn ikkje Ronge nokon måte å datere, men meiner altså at den kom fyrst, og går ut frå at overgangane $l > [ɾ]$ og $r\ddot{d} > [ɾ]$ har “legat nära var - andra i tiden”. Enger (1994) går òg imot den tidlege dateringa av tjukk l , ut frå eit lydlovsresonnement. Han minner om at overgangen $j\phi > j\ddot{o}$ (progressiv j -omlyd) “uteblir” føre konsonantgruppa $r\ddot{d}$, i ord som *j\phi r\ddot{d}* f. og *fj\phi r\ddot{d}(r)* m., som blir uttala med /ju:/ i moderne norsk, ikkje /j\ddot{o}:/ . Derfor må $r\ddot{d}$ ha vori intakt da $j\phi$ vart $j\ddot{o}$, seier han, for elles skulle ord som *fj\phi l* f. og *fj\phi r\ddot{d}(r)* ha falli saman til /fj\ddot{o}:/ i tjukk l -måla. Overgangen $r\ddot{d} >$ tjukk l må altså vera yngre enn overgangen $j\phi > j\ddot{o}$, seier Enger, og viser til at den overgangen kan sjåast i kjeldene frå midten av 1300-talet. Komp-

lekset *jø/jø* tyder altså på at *rð* fall saman med tjukk *l* på 1300-talet, meiner han.

3 Drøfting

Eg drøftar fyrst tjukk *l* av *rð*. Tjukk *l* av gammal kort *l* i utlyd etter vokal og mellom vokalar tek eg opp etterpå, og så tjukk *l* av *l* i konsonant-gruppe. Til slutt drøftar eg kronologi og datering.

3.1 Tjukk *l* av *rð*

Seip sin idé om *rð* kan ikkje vera rett. Dersom *r* drog *ð* lenger attover i munnen, så skulle *ð* bli *d*, og *rð* dermed *rd*, men det er jo ikkje det som skjer. Kolsrud meiner derimot at det er det som skjer, men det finst det ikkje grunnlag for. Uttalen *rd* i Telemark – Aust-Agder (meir om den straks) kan neppe vera anna enn eit unntak oppstått på grensa mellom dei to hovudtendensane. Koplinga til retroflektering, som fleire har gjort, oppklarar derimot problemet, etter mitt syn. Det er opplagt ein samanheng mellom tjukk *l* og retrofleksassimilering (av *rt m.m.*), for frå gammalt av er det stort sett same området som har begge delane. Spørsmålet er kor nært sambandet er. Grenseområda for tjukk *l* kan kaste lys over det. I grensestroka mellom Telemark og Aust-Agder er det på begge sider av tjukk *l*-grensa nokre ord som har *rd* av *rð*, til dømes /hæ:rd/ (I alt 8 noterte? Larsen 1976 [1890–91]: 171, Storm 1884: 95). Larsen kommenterer: “På de samme steder hvor [...] *rd* kan forekomme inden det tykke *l*’s område, assimileres ofte heller ikke *rt* til *rt̥*” (Larsen 1976 [1890–91]: 172; slik framleis hos Gvåle ofl. 1985: 38). Det same samsvaret var det i nordenden av tjukk *l*-området òg frå gammalt av. I Salten høyrde Larsen ikring 1900 spreidde former med trillande *r* i *rt* sør til grensa for tjukk *l* av *rð* (Larsen 1976 [1897–1902]: 234).⁷ Gotland: Gutamålet har ikkje tjukk *l* lenger, men skal ha hatt det, av gammal *l* (Zetterholm 1939: 55, Bandle 1973: 89, note 43), og har trillande *r* i *rt*, og *rð* bevart som *rd*, med trillande *r* (Gustavson 1940–48 I: 155–56, 252, 257; II: 196, 256–57. I yngre mål er det retroflektert uttale av *rt* og *rd*, som i rikssvensk.) Finlandssvensk: Midtre og

7. Eg har sjølv høyrte trillande *r* i ord som *svart* adj. og *hørte* pret. på Grytøya i Sør-Troms så seint som i 1980-åra.

Austre Nyland har berre tynn *l*, og der er det *rd* (med trillande *r*) av *rð*, og trillande *r* i ord som *bort* (Ahlbäck 1976– I: 260 ff. + e-post frå Peter Slotte 06. og 07.02.2008) – i alle fall frå gammalt av; retroflekteringa er på frammarsj og det er flytande skilnad mellom retroflektert og ikkje-retroflektert uttale i finlandssvensk (ibid.). – I øvre Dalarna har somme bygder tjukk *l* av *l*, medan andre ikkje har tjukk *l* i det heile (Austre Mora og austre Orsa + Liden i Älvdalen; Levander 1925–28 II: 44–45. Sjå figur 3.). I heile øvre Dalarna er *rð* bevart som *rð* eller *rd*, med trillande *r*, nett som i *rt* (ibid I: 82, II: 5–6, 45 ff., 81 ff., 242, 244). Vang i Valdres har tjukk *l* av *l*, men ikkje av *rð*. Derifrå fører Ross (1907: 35) opp retrofleks i eit ord som *bortåt*, men hard *rd* og *rt* i *høyrd* og *høyr*. På Nordmøre og i Trøndelag er det ein “kile” med *r* av *rð* frå sørvest inn til Selbu (sjå figur 1). Larsen peikar på at *rt* aust i dette området ikkje har fullt retroflektert *rt*-uttale, slik som i omlandet, men postalveolar, og at *rt* vest i dette området hadde trillande *r* (Romsdalen. 1886: 68–69, 1948: 83 – altså gamle folk i 1880-åra. No er det vel helst retrofleks uttale der.). – Vi ser altså i alle desse grensestroka at ikkje-retroflektering går hand i hand med at *rð* ikkje er vorti tjukk *l*. Sagt på ein annan måte: Det er nært samband mellom dei tradisjonelle grensene for tjukk *l* av *rð* og for retrofleksassimilering av *rt*. Dette tyder på at voksteren *rð* > [ɾ] (tjukk *l*) er parallell til voksteren *rt* > [ɾ] (og *rd* > [d]), i samansette ord, som *kva[d]ag*, og i ordsamanstøyt), altså at *rð* > [ɾ] rett og slett er utslag av same voksteren. Slik kjennest det òg i min austnorske munn når eg jamfører *rt*, *rd* og *rð* med [ɾ], [d] og [ɾ]; samhøvet mellom *t*, *d* og *ð* er som mellom [ɾ], [d] og [ɾ]. Det er jo også dette Molde (ovanfor) har peika på, utan å ta konsekvensen av det: Overgangen *rð* > tjukk *l* høyrer til retroflekteringa. Anna forklaring av *rð* > [ɾ] trengst ikkje, etter mitt syn. Dét problemet kan reknast som løyst. Likevel kan ein sjølv sagt spørja etter årsaka til retroflekteringa, men uansett når vi djupare forståing når vi kan knyte ovringa til breiare tendensar.

3.2 Tjukk *l* av *l* i utlyd etter vokal og mellom vokalar

3.2.1 Innleiande vurderingar

Når det gjeld tjukk *l* av *l*, kan ingen av dei framsette forslaga forklare meir enn delar av problemet. Den postulerte halvtjukke *l*-en i gammalnordisk forskyv berre problemet utan å gje oss djupare forståing. Meir hjelp er det i parallellføringa med andre *l*-variantar og med *n*. Etter mitt

syn må det vera rett å sjå tjukk *l* i samanheng med tjukk *n*, slik Kock og Larsen har gjort. Det må òg vera rett å sjå tjukk *l* og tjukk *n*, som jo kjem av kort *l* og *n* (tjukk *n* berre i små område, sjå figur 3), i samanheng med kva som skjer med dei tilsvarende lange lydane i mange mål, *ll* og *nn*, nemleg palatalisering og segmentering, slik Larsen og Kusmenko har gjort. Larsen si forklaring av *l* > [ɾ] er viktig fordi ho tek omsyn til dette: Palatalisering av gammal (lang) *ll* og *nn* kan sjåast som det motsette av retroflektering av gammal kort *l* og *n*. Etter mi meining må løysinga av tjukk *l*-problemet ha med dette å gjera. Resten av forklaringa til Larsen meiner eg òg det er grunnlag for: Palatalisering førekjem særleg i samband med fremre vokal, medan det er eit negativt samband mellom retroflektering *l* > [ɾ] og fremre vokal, til dels òg mellom retroflektering generelt og fremre vokal. Larsen er derfor opplagt inne på noko når han forklarar tjukk *l* av *l* som assimilasjon til bakre vokal. Dette forklarar den avgrensinga som finst i bruken av tjukk *l* innanfor dei ulike målføra. Det kan likevel ikkje forklare tjukk *l* som fenomen, for det finst mykje tjukk *l* etter fremre vokal òg, enda om det er mindre vanleg, og omvendt er palatalisering mesta like vanleg etter bakre vokal som etter fremre. Dessutan kan (slik Kusmenko peikar på) også *segmentering* av gammal (lang) *ll* og *nn* sjåast som ein motsetnad til retroflektering av gammal kort *l* og *n* (altså til tjukk *l* og *n*), og segmentering skjer likså gjerne etter bakre vokal. – Kan ein så, slik Kusmenko gjer, leggja vekta på å forklare segmentering og palatalisering fordi ein dermed forklarar korleis kvalitativt ulike typar av *l* (og *n*) oppstod? Nei, for når vi ser Norden under eitt (figur 1 og figur 4), finn vi stor negativ samanheng mellom palatalisering og segmentering på eine sida og tjukk *l* (og tjukk *n*) på andre sida. Litt overdrivi kan vi seia at det er andre mål som har palatalisering / segmentering enn som har tjukk *l*. Palatalisering / segmentering kan derfor ikkje utan vidare forklare tjukk *l*, slik Kusmenko meiner. Denne innvendinga råkar òg langt på veg ideen om at gammalnordisk kort *l* var “halvtjukk”, altså eit mellomsteg mot tjukk *l*. Dei viktigaste argumenta for slik “halvtjukk” *l* er henta frå gammalislandske handskrifter, enda det er semje om at islandsk ikkje har spor av tjukk *l* eller retrofleksar og aldri har hatt slike lydar. Argumenta er i røynda berre argument for at lang *l(l)* og *n(n)* hadde særskild kvalitet og dermed for at kort og lang *l(l)* (og *n[n]*) hadde ulik kvalitet. Dermed er det ikkje sagt at den korte var “halvtjukk”, korkje i gammalislandsk eller andre variantar av gammalnordisk. Granskarane ser altså langt på veg bort frå geografien i nyare tids målføre

når dei drøftar dei gammalnordiske føresetnadene for tjukk *l*. Men det kan ein ikkje, for det at tjukk *l* berre finst i Sentral-Norden er blant dei sidene av han som mest påtrengande treng forklaring.

At tjukk *l* er ein retrofleks konsonant, slik Molde har mint oss om, må vera vesentleg for forklaringa av tjukk *l* av *l* òg. Vi burde kunne seia at overgangen frå *l* til tjukk *l* òg er ein del av retroflekteringa. Det er nok ein del av løysinga, og det kan i så fall forklare at tjukk *l* finst berre i Sentral-Norden, for retroflektering er ein sentralnordisk innovasjon. Likevel kan ikkje dette vera heile løysinga. Tjukk *l* av *l* når nemleg ein del vidare enn tjukk *l* av *rð* og retroflekteringa av *rt* o.l., og overgangen *l* > tjukk *l* skil seg frå overgangane *rt* > [ʀ], *rð* > [ʀ], *rd* > [d], osb. med at dei sistnemnde er samansmelting av to konsonantar, medan *l* > [ʀ] er ei endring av éin konsonant. Overgangen *l* > tjukk *l* treng derfor ei særforklaring, jamvel om retroflektering må vera ein del av den særforklaringa.

3.2.2 Kvalitetskløyvinga av *l(l)* / *n(n)* og korte og lange vokalar

Nøkkelen til å forstå tjukk *l* av *l* ligg etter mitt syn i den geografiske fordelinga av tjukk *l* og tjukk *n* på eine sida og palatalisert og segmentert *ll* og *nn* på hi sida, i tillegg til den fonologiske motsetnaden mellom desse innovasjonane som Larsen og Kusmenko har peika på. Av figur 1, figur 3 og figur 4 går det fram at tjukk *l* finst i eit stort område i Sentral-Norden, medan palatal og segmentert *ll* finst i randområde ikring. Rett nok er det stor overlapping; ein god del av randområdet har tjukk *l* i tillegg til palatal *l(l)*. Men kjernen av tjukk *l*-området har berre tjukk *l*, så skjematisk kan ein seia at palatalisering og segmentering ligg som ein ring ikring tjukk *l*-området. Noko av det same kan seiast om palatal og segmentert *nn* i høve til tjukk *n*, jamvel om tjukk *n* og segmentert *nn* er mykje mindre utbreidde enn tjukk *l* og segmentert *ll*. (Om utbreiinga av segmentert *nn*, sjå fotnote 13. – Palatalisert *nn* er derimot om lag like utbreidd som palatalisert *ll*.)

For å prøve å forklare denne fordelinga, vil eg minne om to ting som er allment kjende:

- ▶ Tjukk *l* og *n* kjem av gammalnordisk kort konsonant, medan palatal og segmentert *ll* og *nn* kjem av gammalnordisk lang konsonant.
- ▶ Det var tydingsskiljande motsetnad knytt til kvantitetane *ll* : *l* og *nn* : *n* (både i trykkstaving og i trykklett staving).


Døme på dette er (gammalnordisk) *dalr* m. : *dallr* m. 'dall, kjørel'; *lítill* adj. : *lítill* adj. fem. 'lita'; *munr* m. 'skilnad' : *munnr* m. 'munnn'; *opinn* adj. : *opin* adj. fem. 'open'. I nynordiske mål er disse motsetnadene avløyste av kvalitative motsetnader (i trykkstaving ofte i kombinasjon med ny kvantitetsmotsetnad i vokalane pga. forlenging av dei føre kort konsonant). Segmenteringsområdet har såleis motsetnader som /a:lur/ m. 'syl' : /adlur/ adj. m. 'all' (< *alr*, *allr*) og /li:tu/ 'lita' : /li:tud/ 'liten' (< *lítill*, *lítill*) og /ein/ kvantor f. : /eidn/ kvantor m. (< *ein*, *einn*. Island), med segmentert, lang *ll* / *nn* som motsetnad til umarkert alveolar *l* / *n*.⁸ Palataliseringsområdet har motsetnader som /da:l/ m. : /da/ m. 'kjørel' (< *dalr*, *dallr*), /mu:n/ m. 'skilnad' : /mup/ m. 'munnn' (< *munr*, *munnr*) (Nord-Vestlandet); /²røden/ adj. f. : /²rødip/ adj. m. 'røten' (< *rutin*, *rutinn*. Bornholm, Hesselman 1948: 299); /bu:çæn/ f. def. 'boka' : /bæçip/ m. def. 'bekken' (< *bókin*, *bekk[r]inn*. Åland og Åboland, Sundberg 1993: 87, 137; Zilliacus 1992: 67, 73–74); – altså med palatalisert *ll* / *nn* som motsetnad til umarkert *l* / *n*. Mange tjukk *l*-mål har motsetnader som /da:ɬ/ m. : /dal/ m. (store område), /²gomɰ:ɬ/ adj. f. : /²gomo:l/ adj. m. (< *gømul*, *gamall*. Tinn i Aust-Telemark, Skulerud 1918–38: 392, 424, jf. Zetterholm 1939: 19), /i:et/ adj. f. : /i:el:/ adj. m. 'heil' (< *heil*, *heill*. Älvdalen⁹), /va:n/ adj. : /van/ 'pret. av *vinna*' (< *vanr*, *vann*), /²sto^wɰ/ f. def. 'stova' : /²støbben/ m. def. 'stubben' (< *stofan* / *stofuna*, *stubbinn*. Ångermanland – Västerbotten¹⁰); – altså med retroflektert kort *l* og til dels *n* som motsetnad til umarkert (gammal) lang *ll* og *nn*.

Den voksteren eg skisserer her kan kallast ei *kvantitativt bestemd konsonantkvalitetskløyving*. Konsonantar som opphavleg var kvalitativt like har fått kvar sin kvalitet, avhengig av kvantiteten dei hadde. Dette kan jamførast med det som har skjedd med vokalane. Som kjent hadde gammalnordisk tydingsskiljande motsetnad mellom lange og korte vokalar uavhengig av kor lang konsonant(ism)en i stavinga var. Så har dei opphavleg korte og lange vokalane gått kvar sin veg kvalitativt. I mange nordiske mål (og i vestgermansk) vart gamle lange vokalar diftongerte. Ingen stad har det skjedd med *alle* dei gamle lange vokalane, og ikkje alltid med

8. Er ikkje kjelde nemnd, bygger opplysningane på min generelle mål(føre)kunnskap.

9. Nyström 2000: 30–31, 33, 36–37, jf. 1982: 69, og Levander 1925–28 II: 172, 182, 204.

10. Zetterholm 1939: 29–48, særleg 41 og 35. Berre orda med opphavleg kort *n* er nemnde av Zetterholm; dei andre er føreslegne av meg på grunnlag av generell kunnskap. Langstava hokjønnsord har ikkje *-n* bevart i bunden form i desse måla.



Figur 5. Diftongering av gamle lange vokalar. Etter Sandøy 1987: 72. Skulle / kunne vori markert også i mykje av Nyland (ved Finskebukta) og på mykje av den norske vestkysten, jf. drøftinga.

dei same, og vanlegvis med ulikt diftongprodukt, men prinsippet er det same. Døme: *bók* > /bouk/ f. (Island), *lýsa* > /luisa/ vb. (Færøyane), *hnífr* > /^hneive/ m. (Setesdal), *bátr* > /baut/ m. (Sogn).

Vanlegare enn diftongering av dei lange er likevel lågning eller opning av dei gamle korte vokalanene. Døme: *fylla* > /^hfødla/ vb. Sunnhordland, *vika* > /ve:ke/ (e.l.) svært mange stader, *hol* > /hø:l/ el. /hø:r/ m.a. Nordhordland, Austlands-flatbygdene, *fekk* > /fæk/ vb. pret. m.a. Troms.

Fonologisk er det stort samsvar mellom konsonantkvalitetskløyvinga av *l* og *n* og vokalkvalitetskløyvinga.¹¹ I vokallågning (*vika* > *veka*) blir tungeryggen lægd, og det blir han òg i retroflekttering av *l* og *n* (*dalr* > /da:r/, *vanr* > /va:r/). Omvendt blir tungeryggen heva i diftongering (*bók* > /bouk/), palatalisering (*dallr* > /daʎ/) og segmentering (*allr* > /adlur/). I palatalisering blir tungespissen dessutan lægd. Diftongering er ei form for segmentering og blir kalla det av somme granskarar (Christiansen 1946–48: 165, Skjekkeland 1997: 48). At det fonologisk er nært samband mellom retroflekttert *l* og *n* og vokallågning, ser vi òg av at [ɾ] og til dels [ŋ] (til liks med tungespiss-*r*, som står nært /ɾ/ fonologisk) ofte lægger føregåande vokal (eller held han låg). Dette ser vi særleg tydeleg i søraustlandsk. Måla i Oslo-området har lite *æ*. Kort *æ* finst i dag berre i unntaksord (særleg lånord) – og føre tjukk *l* og *r*, i ord som *elv* /æɽv/ og *herre*. Lang *æ* finst det lite av på heile Sør-Austlandet, bortsett frå føre tjukk *l* og *r* (t.d. /^hgæ:ɾi/ < *galit* adj. n., /^hvæ:ra/ < *vera* inf. Elles blir lang *æ* til *e*). Jamfør trykklett stilling, der *e* føre [ŋ] blir til *æ* ([ein] *lærer*, men [den] /^hlæ:ræŋ/). Dette er gammalt i Opplands-mål og på Romerike (Kolsrud 1927: 452).

Geografisk er det òg stort samsvar mellom konsonantkvalitetskløyvinga av *l* og *n* og vokalkvalitetskløyvinga, dersom vi ser på dei store linjene i Norden, jf. figur 1, figur 4 og figur 5. Retroflekttering av kort *l* (til tjukk *l*), og av kort *n*, der ho finst (figur 3), er eit sentralnordisk fenomen, og Sentral-Norden er òg intensitetsområdet for lågning av gamle korte vokalar. Segmentering og palatalisering av *ll* og *nn* finn vi derimot i randsonane, særleg i mål som frå gammalt av ikkje retroflekterer, og det same gjeld diftongering av gamle lange vokalar. Nokså store område er unntak frå dette: Palatalisering finst langt inn mot midten av Norden, og lågning av gamle korte vokalar finst i randsonane (meir om systemet i

11. Også andre konsonantkvantitetspar er vortne kløyvde kvalitativt i somme mål, fyrst og fremst *p* : *pp*, *t* : *tt* og *k* : *kk* med lenisering av dei gamle korte eller preaspirasjon ved dei lange. Det kan eg ikkje gå inn på her.

dette i punkt 3.2.4), men mønsteret er slik eg skisserer. Ein ting som ikkje stemmer i figur 5 er at det er “for lite” diftongering i randsonane. Men Nyland i Sør-Finland har diftongering som ikkje er vist på kartet, aust for tjukk *l*-grensa (Hultman 1894: §42, 46, 49), og kartet kunne hatt diftongering innteikna på mykje større del av det norske Sør- og Vestlandet og dessutan på Trøndelags-kysten (der berre av *á*, jf. fotnote 20. Christiansen 1946–48: 166) og i Nord-Noreg; på kartet er berre intensitetsområda viste. Til dømes i ein del Troms-mål er særleg gammal lang *ú* nokså tydeleg diftongert, har eg sjølv høyr, i ord som *du* pron. Chapman (1962: 190) har diftongering innteikna ut til kysten både på Agder, i Sør-Rogaland og i Sogn – Sunnfjord. Det har truleg vori meir diftongering og mindre lågning i vestnorsk før, peikar Skjekkeland på (1997: 55). Han nemner ikkje argument for dette synet, men utbreiinga av diftongeringa i dag tyder klårt på at han har rett. Figur 5 viser at diftongert uttale av gamle lange vokalar i Noreg er tydelegast i indre strok på Agder og inne i fjordane på Vestlandet. Slik er det ikkje berre i Sogn og Hardanger (slik vi ser av kartet), men òg i Sunnfjord og på Sunnmøre (Larsen 1897: 79, Skulerud 1934: 331, 333). Diftongeringa er altså knytt til avsides strok, medan stroka langs kysten og skipsleia har lite av ho. Denne fordelinga kan vanskeleg forklarast med at avsides strok skulle ha spesielt god grobotn for diftongering av gamle lange vokalar. Da er det mykje rimelegare at slik diftongering har nådd vidare før, men så er trengd attende og har overlevd mest i avsides strok. – Det viktigaste unn-taket frå mønsteret eg peikar på er øvre Dalarna, som ligg midt i Norden og likevel har diftongering. Det ser eg likevel ikkje som noka innvending, for dalmålet følgjer randsonane i så mangt. Øvre Dalarna utgjer den same øya i figur 1 som i figur 5 og følgjer randsonane også i å ikkje ha retroflektering, som er så sentralt for det eg drøftar her. Til dels har ikkje øvre Dalarna tjukk *l* heller. Altså: *Sentral-Norden (til dels ÷ Dalarna) gjer det same i uttalen av dei (opphavleg) korte konsonantane l og n som i dei (opphavleg) korte vokalane, nemleg å lægje tungeryggen. Det motsette, å heve tungeryggen i uttalen av (opphavleg) lang ll og nn og (opphavleg) lange vokalar, finn vi i randsonane (+ øvre Dalarna, når det gjeld vokalane).* På grunn av dette samsvaret bør vi sjå konsonantkvalitetskløyvinga og vokalkvalitetskløyvinga i samanheng, om vi skal forstå det som har skjedd. Det skal eg gjera no.

3.2.3 Forskingshistorie kvalitetskløyvinga

Når det gjeld diftongeringa, så meiner Christiansen (1946–48: 166) grunnen var “et ubevisst ønske om å holde oppe forskjellen mellom de gamle lange vokaler og de nye lange, da de korte begynte å bli forlenget.” Altså: Med forlenging av vokalen i t.d. *lifa* vb. ‘leva’ skulle ordet ha falli saman med (*h*)*lifa* vb. ‘live, verne’; begge skulle ha vorti *liva*. Men diftongering av dei gamle lange vokalane hindra samanfall, t.d. i setesdalsk, der norr. *lifa* heiter *live* og (*h*)*lifa* heiter *leive*. Indrebø (1951: 225) seier det same som Christiansen, truleg uavhengig: Diftongeringa “skulde tena til å halda dei gamle lange vokalane greidt utskilde frå dei gamle stutte vokalane etter *dei* hadde vorte lengde.” Haugen sluttar seg til dette (1976: 256), og Skjekkeland (1997: 48 ff.), som styrker resonnementet med å peike på at det høver også på dei fleste målføra som *ikkje* har diftongering. Der har jo dei gamle *korte* vokalane “vorte utsette for lågning eller framskyving i dei posisjonane der dei er lengde” (ibid: 50), slik at samanfall er unngått jamvel om dei gamle lange vokalane ikkje er diftongerte. – Sandøy (1996: 175) nemner ei anna mogeleg årsak til diftongeringa: “Det knytter seg meir fonetisk energi til lange vokalar enn til korte. Denne energien gir meir spenning eller stramming til artikulasjonen, og kan resultere i ei kvalitetsgliding i vokalen – frå opnare til trongare (= “strammare”) kvalitet.”

Christiansen (1946–48: 156) forklarar palatalisering (generelt, ikkje berre av *ll* og *nn*) på same måten som diftongeringa. Palataliseringa har samband med avviklinga av det gamle kvantitetssystemet, meiner ho, for i store delar av det norske palataliseringsområdet vart konsonantane da forlengde, slik at dei ville ha falli saman med dei gamle lange dersom ikkje *dei* vart palataliserte. Som døme nemner ho minimale par frå nordnorsk: /mol/ f. ‘rusk, nevstor rullestein’: /moʎ/ f. ‘jord’, av *møl* og *moll* < *mold*.¹² Jansson (1944: 459) og Naert (1946: 140) resonnerer på same måte om segmentering. At segmentert *nn* er så mykje meir utbreidd etter lang vokal og diftong enn etter kort vokal, forklarar dei med at det var etter lang vokalisme segmenteringa trongst for å hindre samanfall med opphavleg kort *n*. [Det er fordi lang konsonant skulle bli forkorta etter lang vokalisme, og *nn* dermed falle saman med *n*, om ikkje *nn* vart seg-

12. Myrvang (1972) har fleire slike minimale par frå nordnorsk.

mentert; E.H.).¹³ Sommerfelt (1952) forklarer både segmentering og palatalisering med “nødvendigheten av” “å opprettholde forskjellen mellom *ll*, *nn* og *l*, *n*”. Haugen (1976: 272) forklarer palataliseringa av *ll* og *nn* i dansk på i prinsippet same måte: I dansk vart dei gamle lange konsonantane forkorta, men samtidig [E.H.: eller fyrst?] vart dei palataliserte, og dermed vart samanfall med dei gamle korte hindra.

Borg (1971: 20, hos Skjekkeland 1997: 109) kritiserer Christiansen si forklaring av palataliseringa. Han peikar på at det berre er i nordnorsk *l* og *n* vart forlengde slik at dei ville fått samanfall med gammal *ll* og *nn* dersom ikkje *dei* vart palatale. På t.d. Sunnmøre er det kvantitetsskilnad i *vokalismen* i eit par som /ko:l/ n. og /koʌ/ m. ‘topp’ (< *kollr*), i tillegg til kvalitetsskilnaden på *l*-ane. Borg stør derfor Larsen si forklaring av palataliseringa, den eg refererte ovanfor: Palataliseringa oppstod pga. assimilasjon til fremre vokal. Argumentet er at det i ein del mål berre er etter fremre vokal det er palatal *l* og *n*. Ovringa må derfor ha starta der, og så ha vorti overført til bakre vokal seinare, meiner Borg. Dette synet sluttar Sandøy (1987: 184) og Skjekkeland seg til (1997: 108–09). Kusmenko (1997: 121–22) avviser òg at palataliseringa og segmenteringa har samband med kvantitetsomlegginga (sjå forskingshistoria), for han meiner kvantitetsmotsetnaden hadde kvalitetsmotsetnad knytt til seg lenge før kvantitetsomlegginga. Eit viktig argument for det er at “två kvalitativt ulike *l*- eller *n*-fonem” finst også i mål som har bevart (delar av) det gamle kvantitetssystemet. [Her tenkjer Kusmenko på slikt som /koɾ/ : /koʌ:/ i gudbrandsdøl og /i:er/ : adj. f. : /i:el:/ adj. m. av *heil*, *heill*, i älvdalsmål, E.H.¹⁴] Altså må “den kvalitativa skillnaden fonologiserats innan de ursprungliga korta stavelserna blev långa”, seier Kusmenko.

Palataliseringa er òg vorten forklart på liknande måte som Sandøy forklarer diftongeringa (“meir fonetisk energi”): Palataliseringa kjem av den auka artikulasjonsstyrken som følgjer lange konsonantar; såleis Storm (1884: 113), Iversen (1913: 64) og Reitan (1906: 33).

13. *Húnn*, *steinn* > /hu:dn/, /steidn/: Indre Sogn – Rogaland, Shetland, Færøyane, Island; *finna* > /²fidna/ vb.: Berre Nordhordland, ytre Hardanger, nordre Sunnhordland + Shetland (Hægstad 1900: 66 og Chapman 1962: 184–85, 197, jf. Sandøy 2003: 92). (Åbolands-skjergarden har hatt *nn* > *mn*, også etter kort vokal. Solstrand 1925: 104.) – Jansson (1944: 459) forklarer *ll* > *dl* med at det gjaldt å unngå samanfall med ny *ll* av *ld*. Det kan ha spela med, men er neppe viktigaste årsak, for mesteparten av området som segmenterer *ll* bevarar *ld*.

14. Nyström 2000: 30–31; 33, 36–37, jf. 1982: 69, og Levander 1925–28 II: 172, 182, 204.

3.2.4 Drøfting av kvalitetskløyvinga

Som nemnt, meiner eg vi må sjå kvalitetskløyvinga av *l(l)* og *n(n)* og vokalane i samanheng, når det både geografisk og fonologisk er stort svar mellom det som skjer med desse lydane. Det må forklaringane ta omsyn til. – Den sistnemnde “intensitetsforklaringa” har opplagt noko føre seg og burde vera like relevant for segmenteringa som for palataliseringa og diftongeringa. Samtidig kan ho forklare voksteren i dei korte konsonantane og vokalane: Den mindre energien / artikulasjonsstyrken gjer at dei får ein “slappare” uttale, med tungeryggen lægd, motsett dei tilsvarende lange lydane. Slik kan m.a. tjukk *l* av *l* forklarast. Men: Kvifor er det da ikkje tjukk *l* over heile Norden? – eller palatal *ll* og *nn*, eller diftongerte vokalar, osb.? Den sida av saka er essensiell, men har knapt vori drøfta av granskarane. Svaret kjem etter mitt syn fram når ein ser *kor* dei ulike innovasjonane er å finne i Norden: Tendensen til å gje dei korte lydane slappare uttale, med lægd tungerygg, høyrer særleg Sentral-Norden til, medan tendensen til å gje dei lange “intensivert” uttale, med heva tungerygg, særleg høyrer randsonane til.

“Intensitetsforklaringa” inneber at dei ulike innovasjonane berre skjer, pga. “fysiske lover i munnen”, så å seia. I forklaringane som tek utgangspunkt i at det gjaldt å halde oppe dei tydingsmotsetnadene som opphavleg var borne av kvantitetsmotsetnader, er derimot ein umedveten tendens i hovudet på talarane avgjerande: Kvantitetsmotsetnader blir avløyste av kvalitetsmotsetnader fordi talarane umedveti prøver å halde eksisterande kategoriar frå kvarandre. (Dette er, som kjent, eit strukturalistisk grunnprinsipp.) Etter mi vurdering må vi rekne med begge delane. At ein umedveten trong hos talarane spelar med, er det all grunn til å tru. Skjekkeland (1997: 49) nemner ein ting som klårt tyder på det: I setsdalsmålet, som er det mest diftongerande målet i Noreg, “er det samstundes lite endring av kortvokalane (pga. diftongeringa av dei lange “trong ikkje” dei korte vokalane endra seg for å hindra samanfall).” (Jamfør Indrebø [1951: 225].) Eg vil formulere dette meir allment: *Det er eit negativt samband mellom diftongering og lågning*. Stort sett finn vi ovringane i ulike mål. Særleg er det slik at lågningsmåla ikkje har diftongering av gamle lange vokalar.¹⁵ Mange diftongeringsmål har lågning i tillegg, men normalt har dei ikkje begge delane innanfor same vokalparet. Er den

15. Derimot har dei ofte diftongering av gamle *korte* vokalar pga. kvalitativ assimilasjon til etterfølgjande konsonant, sjå Christiansen 1946–48 (: 166 ff.).

gamle lange vokalen diftongert, så er ikkje den korte lågna. Er den gamle korte vokalen lågna, så er ikkje den lange diftongert. Det finst unntak, t.d. i Sogn både *fylla* vb. lågna til /²fødla/ og *nýr* adj. diftongert til /¹n^eye/. Men da er truleg lågninga sekundær, peikar Skjekkeland på (1997: 55. Jamfør min argumentasjon for det same mot slutten av 3.2.2 ovanfor.) Negativt samband mellom diftongering og lågning er uansett regelen. Dette tyder på at dei to vokalvokstrane er *ulike utslag av same premiss*. Diftongering av gamle lange vokalar og lågning av korte er to “utløp” for det same “trykket i dampkjelen” – slepp det ut éin stad, så treng det ikkje sleppe ut ein annan stad. Det “trykket” kan i så fall vanskeleg vera anna enn “strevet” etter å halde (dei gamle) kvantitetane skilde. Slik kan vi òg resonnera med kvalitetskløyvinga av *l(l)* og *n(n)*. Som vi har sett, har dei sentralnordiske måla markert dei korte (med å retroflektare dei til tjukk *l* og *n*), medan randsonemåla har markert dei lange (med å palatalisere eller segmentere dei). Berre nokre mellommål har både tjukk *l* og palatal *ll*, og ingen tjukk *l*-mål har segmentert *ll* (unntak: Åboland). Det er altså langt på veg geografisk komplementær fordeling av dei to “strategiane”, og det tyder på at markeringa av dei korte og markeringa av dei lange er ulike utslag av same premiss, liksom i vokalismen, altså “strevet” etter å halde kvantitetskategoriane skilde.

Dette talar også mot Kusmenko si oppfatning om at kvalitetsmotsetnadene mellom *ll / nn* og *l / n* ikkje skriv seg frå kvantitetsmotsetnadene, men frå den palatale *R*-en i eldre *-lR* og *-nR*. Dersom det hang slik i hop, skulle vi venta palatal *l(l)* likså vel i Sentral-Norden som i randsonane, men det er det jo ikkje. Palataliteten kan sjølv sagt ha kommi bort i Sentral-Norden og vorti bevart i utkantane, men kvifor skulle det ha skjedd? Det spørsmålet tek ikkje Kusmenko opp, for forklaringa hans tek ikkje omsyn til den geografiske fordelinga av dei ulike innovasjonane. Koplinga av palatal *l(l)* og *n(n)* til eldre *-lR* og *-nR* bygger ikkje på empiri, men gissing. Det vi observerer er at kvalitetskløyvinga føreset kvantitetskategoriane. Da er det vanskeleg å komma frå at kvalitetskløyvinga kjem *på grunn av* (eldre) kvantitetsmotsetnad. (Det gjeld anten tildrivet er ein umedveten trong i hovudet på talarane eller tendensar i taleorgana.)

Likevel trur eg Kusmenko har rett i at kvalitetskløyvinga av *l(l)* og *n(n)* kom før kvantitetsomlegginga. Særleg det eine argumentet til Kusmenko er det vanskelege å komma utanom: Kvalitetsmotsetnader mellom *ll* og *l* og *nn* og *n* finst i nynordiske mål som ikkje har gjennomført kvan-

titetsomlegginga. Jamfør dei nemnde para [koɾ] : [koʎ:] i gudbrandsdøl og [i:ɛɾ] : adj. f. : [i:el:] adj. m. 'heil', av *heil*, *heill*, i älvdalsmål. Tilsvarende døme kan nemnast frå finlandssvenske dialektar. I delar av Älvdalen er det òg kvalitativ skilnad mellom kort og lang *n(n)*, den korte alveolar, den lange dental (Nyström 2000). I desse måla er kvalitetsmotsetnaden udiskutabelt kommen før kvantitetsomlegginga, og dei er den beste empirien vi har når det gjeld dette spørsmålet. Å gå ut frå at det var annleis i eldre tid i mål og målsteg vi ikkje kjenner empirisk, ser eg ikkje gode grunnar til, jamvel om det sjølvstøtt er mogeleg. Tvert imot er det også andre ting som tyder på at rekkefølga var slik: I dei vestre utkantane av jamvekstområdet, særleg på Nordmøre og i Ut-Trøndelag, Valdres og Hallingdal, finst det ein del jamvektsformer, både verb og hokjønnsord, som kjem av gammalnorske former med *rð*. Det tyder på at *rð* i det området vart tjukk *l* før kvantitetsomlegginga (Beito 1975). I eit hokjønnsord som *byrða* / *byrðu* 'mjølkiste' og eit verb som *skerða* 'gjera skard i' er det konsonantgruppe (nemleg *rð*), så dei skulle få redusert endevokal. Når vi likevel finn former som /²bø:ɾʊ/ (Hallingdal) og /²æ:ɾa/ (Modum), så føreset det *rð* samansmelta til éin konsonant (nemleg /ɾ/) før kvantitetsomlegginga,¹⁶ og som vi skal sjå nedanfor (pkt. 3.4), må tjukk *l* av *l* vera minst like gammal som tjukk *l* av *rð*. – Eit anna truleg godt Kusmenko-argument for at kvalitetskløyvinga av *l(l)* og *n(n)* kom før kvantitetsomlegginga er danske handskrifter frå ikring 1300, som etter alt å døme har eit eige teikn for palatal *ll* til skilnad frå alveolar *l* (Skautrup 1944 I: 222–23, Kusmenko 1997: 120–21). Den gammalislandske motsetnaden *fullr* – *fullz* /*fults*/ : *fúlr* – *fúls* er òg eit argument for dette (jf. punkt 2).¹⁷ – Sandøy (1987: 184) meiner òg at palataliseringa må ha kommi før avviklinga av lengdemotsetnad i trykklett staving, fordi det elles er uforklarleg at berre gammal *lang l* og *n* er vortne palatale. Kusmenko sitt argument om at den norrøne skaldediktinga ikkje har innrim med kort og lang *l* og *n*, er eg uvis på. Han har argumentet frå Celander (1906), som har misoppfatta liknande ting i kjeldene. (Celander

16. Og former som /²bø:ru/ og /²bø:ro/ i Vang i Valdres og på Nordmøre føreset *ð*-bortfall før kvantitetsomlegginga.

17. Den gammalislandske kvalitative motsetnaden mellom eldre *ld* (av *ld*) og sekundær *ld* (av *lð*, Jakob Benediktsson 1959) er ikkje noko vitnemål om kvaliteten til /utanom konsonantsambandet *ld*. Denne motsetnaden viser altså ikkje at (kort) *l* og (lang) *ll* hadde ulik kvalitet. Motsetnaden mellom dei to *ld*-typene kom rimelegvis av tungestillingsskilnaden mellom *d* og *ð*, og da treng ikkje motsetnaden ha funnist utanom konsonantsambandet *ld*.

meinte m.a. at sekundær *ld* [altså av *lð*] rima med eldre *ld* i gammallislandsk, men det stemmer ikkje, seier Jakob Benediktsson [1959: 2–3].) Eg har ikkje hatt høve til å undersøke dette sjølv, og eg har ikkje sett andre vurdere påstanden, så spørsmålet får stå ope. (Ronge [1993: 196] oppfattar det som Jakob Benediktsson stør Celandier i at *l* og *ll* ikkje rimar i skaldekvede, men det er ei mistyding.)

I alle høve er det god grunn til å tru at kvalitetskløyvinga av *l(l)* og *n(n)* kom før kvantitetsomlegginga. *Kor* lenge før er da ikkje så viktig. – Dette kan støast med kronologien for vokalkvalitetskløyvinga, sidan den ovinga ser ut til å vera parallell. Indrebø og Christiansen (m. fl.) ser ut til å meine at diftongeringa skjedde i kvantitetsomlegginga, som ei naudåtgerd for å unngå fonemsamanfall. Slik kan det neppe ha skjedd (jamvel om kvantitetsomlegginga kan ha strekt seg over lang tid), heller ikkje med dei nye lågvokalane. Var det ikkje kvalitativ motsetnad da kvantitetane fall saman, så skulle det ha vorti fullt samanfall. Dei nye diftongane og lågvokalane må ha funnist, anten som allofonar eller som fonem, før kvantitetsomlegginga. Sandøy (1987: 171 ff.) meiner nydifftongane var allofonar som vart fonemiserte da kvantitetsmotsetnaden fall bort og kvalitetsmotsetnaden stod åleine att – altså (E.H. :) parallelt til det vi meiner skjedde med omlydane i synkopetida: Dei omlydde vokalane fanst før dei trykklette endingsvokalane som hadde forårsaka dei, fall bort, men var redundante. Fyrst da dei trykklette endingsvokalane fall bort, vart dei omlydde vokalane tydingsbergande, altså eigne fonem. Sandøy peikar på (ibid: 184) at lågning og diftongering heller hjelpete fram kvantitetsomlegginga enn omvendt – for når kvalitetsmotsetnader var lagde til kvantitetsmotsetnadene, så var det ikkje lenger “bruk for” kvantitetsmotsetnaden. Skomedal (1971: 301–02), som held seg til setesdalsmålet i si drøfting, meiner diftongeringa må ha kommi før kvantitetsomlegginga, ikkje berre allofonisk, men fonematisk. Elles ville ein “fonematisk gå så å seie beinleies over frå det gamalnorske til det moderne systemet”, og det er det vanskeleg å tenkje seg, seier Skomedal. Eigentleg bør det ikkje vera tvil om at diftongeringa og lågninga kom før kvantitetsomlegginga, for også dei måla som har bevart det gamle kvantitetssystemet har både diftongering og lågning.¹⁸ Her er altså diftongeringa og lågninga udiskutabelt kommen

18. Diftongerande mål (figur 5) med gammal kvantitet: Älvdalsmålet og ein del finlands-svenske mål. Levander 1925–28 I: 75 ff., Nyström 2000 og til dels 1982, Harling-Kranck 1998: 139. Lågningsmål med gammal kvantitet: t.d. Nord-Gudbrandsdalen, Langleite 1974: 80; nordre Österbotten i Finland, Harling-Kranck 1998: 146.

før kvantitetsomlegginga. Det enklaste er å gå ut frå at rekkefølga var likeins i måla som gjennomførde kvantitetsomlegginga i eldre tid.

At kvalitetskløyvinga av korte og lange vokalar og kort og lang *l* og *n* etter alt å døme kom før kvantitetsomlegginga, er viktig for korleis vi forklarar kvalitetskløyvinga. At kløyvinga kom så tidleg, inneber nemleg at ho kom før det var nødvendig for å halde dei gamle kvantitetskategoriane skilde. Samtidig står det fast at kvalitetskløyvinga føreset dei gamle kvantitetskategoriane. Dermed ser det ut til å ha vori ein tendens til å *tydeleggjere* dei gamle kvantitetskategoriane med kvalitative tillegg, *innanfor det gamle kvantitetssystemet*. (Det er altså det motsette av språkleg økonomisering som ser ut til å ha skjedd.)

Dette svekker Borg (ovanfor) si innvending mot Christiansen si forklaring av palataliseringa (som indirekte også var ei innvending mot Sommerfelt og til dels Jansson og Naert si forklaring av palataliseringa og segmenteringa). Det er sant nok at eit ordpar som /ko:l/ *n.* og /koʎ/ *m.* 'topp' (< *kollr*) i t.d. sunnmøring ville ha vori skilt også utan palataliseringa i *koll*, sidan vokalen (ikkje *l*-en) i *kol* er forlengd. Men dersom palataliseringa oppstod som tydeleggjering av det *gammalnorske* (og gammalnordiske) systemet, så fell Borg si innvending bort. For da er ikkje poenget kva slag kvalitative tillegg som trongst for å halde dei gamle kategoriane skilde i det nye kvantitetssystemet, men at det var ein fordel å ha kategoriane så godt skilde som råd innanfor det gamle kvantitetssystemet.¹⁹

3.2.5 Konklusjon: tjukk *l* av *l* i utlyd etter vokal og mellom vokalar

Mitt forslag er at kvalitetskløyvinga oppstod som tydeleggjering av dei kvantitative motsetnadene innanfor det gammalnordiske kvantitetssystemet. Når det gjeld motsetnadene *l* / *n* : *ll* / *nn*, så oppnådde Sentral-Norden denne tydeleggjeringa med å retroflektare kort *l* (og somstad *n*), medan ytterkantane gjorde det med å palatalisere eller segmentere dei lange. Sentralområdet markerte altså dei korte, medan ytterkantane markerte dei lange. Overgangsområde gjorde begge delane. Dette prinsippet blir modifisert av det Larsen peikar på: Palatalisering av gammal lang *l* og *n* når vidast etter fremre vokal, medan retroflektering av gammal

19. Her er det elles eit poeng at palatalisering i *trykklett* staving har berga gamle tydingsmotsetnader i mykje større område enn i trykkstaving, som er det Borg drøftar; jf. t.d. døma frå ålandsk og åbolandsk i 3.2.2.

kort *l* og *n* særleg finst etter bakre vokal. Grunnen til at det er Sentral-Norden, og ikkje ytterkantane, som får overgangen til tjukk *l* og *n*, er at denne overgangen høyrer til retroflekteringa (slik Molde har peika på når det gjeld tjukk *l*), og retroflektering er ein sentralnordisk innovasjon. Tjukk *l* er ideell til å tydeleggjera kort kvantitet, for tjukk *l* kan ikkje forlengast, han kan berre vera kort. Samtidig er palatalisering / segmentering av *ll* og *nn* på eine sida og retroflektering av *l* og *n* på hi sida motsetnader når det gjeld tungestillinga. Retroflektering er å lægje tungeryggen og bøye tungespissen opp og att. Palatalisering og segmentering er derimot å la tunga “skyte rygg”. Desse lydane er derfor ideelle til å tydeleggjera kvantitetsskilnadene med kvalitativt tillegg; t.d. eit par som [koɹ] og [koʎ:] i 1400-talstrøndersk (før kvantitetsomlegginga). Forslaget blir styrkt av at voksteren i vokalismen ser ut til å vera parallell. Også i vokalismen er mønsteret at Sentral-Norden markerer dei gamle korte, nemleg med lågning eller framskuving, som er å lægje tungeryggen, medan randsonane markerer dei gamle lange, nemleg med diftongering, som er ei form for segmentering og som går ut på å heve tungeryggen. Innanfor det gamle kvantitetssystemet hadde (har) dei nye kvalitetane komplementær fordeling. I utgangspunktet var dei altså ikkje eigne fonem (men er til dels vortne det når lånord eller andre avvik er komne inn). Vi skal likevel merke oss at dei nye kvalitetane er like utvikla (like utprega) i dei måla som har gammal kvantitet bevart som dei er i andre mål. Vi bør gå ut frå at det var slik også den gongen det gamle kvantitetssystemet var allment. I så fall var ikkje dei nye kvalitetane “halv-utvikla” inntil kvantitetsomlegginga, som så “puffa” dei vidare fordi dei måtte vera tydelegare når dei skulle bera heile tydinga.

Dei fleste elementa i forklaringa eg set fram, har vori føreslegne før. Fleire har peika på at tjukk *l* bør sjåast i samband med tjukk *n* og palatal og segmentert *ll* og *nn*, at dei sistnemnde kan oppfattast som motsetnader til dei fyrstnemnde, og at dei gamle kvantitetskategoriane til dels er bevarte i nynordiske mål, men uttrykt kvalitativt, med desse innovasjonane. Fleire har òg peika på at det eg har kalla kvalitetskløyvinga etter alt å døme kom før kvantitetsomlegginga, ikkje på grunn av ho. Det nye eg har gjort er fyrst og fremst å ta med i reknestykket kor dei ulike innovasjonane fordeler seg geografisk i Norden, derneft òg kople kvalitetskløyvinga av konsonantar og vokalar.

Kva er så årsaka til kvalitetskløyvinga? Er det talarane sin umedvetne trong til å skilja kvantitetskategoriane tydeleg, eller er det berre noko

som skjer, pga. “fysiske lover i munnen”, så å seia? Forklaringa eg set fram er ikkje avhengig av det eine eller det andre. Likevel er spørsmålet om den djupare årsaka til kvalitetskløyvinga – og dermed til tjukk *l* – sjølvsagt vesentleg. For meg ser det ut til at ein umedveten trong hos talarane har spela ei viktig rolle. Det er fordi det langt på veg er geografisk komplementær fordeling av tendensen til tungeryggheving i uttalen av lange lydar og tungeryggelæging i uttalen av korte lydar. Dermed ser det ut til at dei to tendensane er ulike “utløp” for det same “trykket i dampkjelen” – slepp det ut éin stad, så treng det ikkje sleppe ut ein annan stad. Det “trykket” kan vanskeleg vera anna enn “strevet” etter å halde (dei gamle) kvantitetane skilde. Dette er sjølvsagt ein uheldig uttrykksmåte, men å skrive at ein slik tendens ligg i språket sjølv, er verre, sidan språket berre eksisterer i kraft av medvettet til språkbrukarane.

Det viktigaste unntaket frå det eg skisserer er øvre Dalarna, som ligg midt i Norden som ei øy med språkdrag vi elles finst i randsonane: Ikkje retroflekttering, heller ikkje av *rð* til tjukk *l*; ein del bygder har ikkje gammal kort *l* retroflekttert til tjukk *l*, og det er diftongering av gamle lange vokalar i staden for lågning av dei korte. At øvre Dalarna følgjer randsonen er likevel ikkje noka innvending. Det som ikkje stemmer er at mesteparten av øvre Dalarna har tjukk *l* av *l* meir gjennomført enn i noka anna mål, men ikkje retroflekttering av *rt* osv. Det går ikkje i hop med at tjukk *l* høyrer til retroflektteringa.²⁰ Forklaringa kan vera at tjukk *l* er kommen seint inn i dalmålet. At ein del bygder, endatil fordelte på to område (sjå figur 3), har tynn *l*, tyder på det; dei kan enklast forklarast som reliktområde. At store delar av øvre Dalarna har halvtjukk *l* (utan tungenlag. Levander 1925–28 II: 44–45), altså eit mellomsteg i utviklinga, høver òg med at tjukk *l* er kommi seint inn. Måten tjukk *l* er gjennomført på i Älvdalen (÷ Liden, som ikkje har tjukk *l*), kan òg tyde på at tjukk *l* er kommen seint inn i målet. *Alle* gamle korte *l*-ar er vortne

20. Det ser heller ikkje ut til å stemme at kysten av Nordmøre og Sør-Trøndelag har diftongar (rett nok berre av *d*, sjå pkt. 3.2.2), når både tjukk *l* og anna retroflekttering tydelegvis er gammalt der (sjå figur 1). Men det er ikkje visst at det er så gammalt, likevel. “Kilen” frå sørvest som ikkje har tjukk *l* av *rð* og ikkje full retroflekttering elles heller (sjå figur 1 og pkt. 3.1), kan vanskeleg vera anna enn eit reliktområde som står att oppe i dalane etter at retroflektteringa (medrekna tjukk *l* av *rð*) har trengt fram langs skipsleia frå dei indre Trøndelags-bygdene (og opphavleg frå Sverige?). Det inneber at retroflektteringa i desse ytre bygdene ikkje er spesielt gammal, og da er det ingen motsetnad mot diftongeringa i desse måla, for den kan stamme frå eldre lag i målet.

tjukke (med unntak for nokre få konsonantsamband), også etter *i* og *y*, og til og med i framlyd – t.d. i verbet /ʔɹito/ < *lita* ‘farge’ (ibid). Slik “nådelaus” konsekvens i gjennomføringa er typisk for språkdrag som er komne seint inn. Jamfør korleis nordlendingar (og utlendingar) som vil snakke austlending gjennomfører (austnorsk) tostavingstonelag i altfor mange presensformer: Det det er mest av, oppfattar ein som karakteristisk og generaliserer det. Det er ei form for hyperkorleksjon: Ein tek over ei ovring utan å kjenne eller meistre grensene som gjeld for ho i opphavsmålet, og gjennomfører ho derfor over heile linja. Slik kan ein regel: “Tjucc *l* svarar til den korte *l*-en vi har frå før” ha gjevi tjukk *l* av alle gamle korte *l*-ar i älvdalsmålet. Faktisk ser vi noko slikt, i ein ny fase, praktisert i dagens älvdalsmål. Dei lange (tynne) utlyds-*l*-ane i ord som /i:el:/ adj. m. ‘heil’ (< *heill*) og /sæ:l:/ ‘adj. m. ‘sæl, lukkeleg’ (< *sáll*) blir no forkorta – og så blir dei skifta ut med tjukk *l* (Nyström 1982, jf. 2000).

Dersom det stemmer at tjukk *l* er eit seint lån i dalmål, så bør vi gå ut frå at det likevel var kvalitativ skilnad mellom kort og lang *l* på det føregåande språksteget. Som nemnt tyder den gammalislandske skrivemåten *mans* : *mannz* på det (sjå pkt. 2), og nokre grender i Älvdalen har framleis kvalitativ skilnad mellom kort og lang *n*, utan at den korte er retroflektert (eller den lange palatalisert eller segmentert). Nyström (2000) seier at den korte er alveolar, den lange dental, og peikar på at dette er viktig for å forstå kvaliteten til *l(l)* og *n(n)* på det fellesnordiske steget. Eg konstaterer at Nyström beskriv ein slik tungestillingsskilnad mellom *n* og *nn* som det er i Norden samla sett i seinare tider, berre mindre utprega: I den gamle korte er tungespissen høgre og tungeryggen lågare (enda meir i tjukk *l* og tjukk *n*); i den gamle lange er tungeryggen høgre og tungespissen lågare (enda meir i palatal og segmentert *ll* og *nn*). For meg verkar det rimeleg om det fellesnordiske utgangspunktet var ein kontrast i tungestilling om lag som det Nyström beskriv. Den regionfordelte kvalitetskløyvinga etter gammalnordisk har da ikkje gått ut på at Sentral-Norden og randsonane “fann på” noko heilt nytt, berre at dei forsterka kvar sin tendens som fanst i fellesspråket. Dermed blir det òg forståeleg at randsonane kunne få same innovasjonen /-ane (nemleg palatalisering eller / og segmentering), utan kontakt, men likevel som ein del av same mønsteret. Føresetnadene fanst i det felles utgangspunktet. Vi kan likevel ikkje veta at fellesnordisk *n(n)* – og *l(l)*? – hadde akkurat same kvalitet som i älvdalsmål. Men älvdalsmålet viser at det kan

ha vori kvalitetsmotsetnad utan “fullt utslag” til retroflektering eller palatalisering / segmentering.

3.3 Tjukk *l* i konsonantgruppe

Tjukk *l* finst ikkje berre etter vokal og mellom vokalar, men òg i konsonantgruppe. Det same gjeld tjukk *n* i dei måla som har dét, t.d. i . /²kɲu:ku/ ‘knoke’ (Zetterholm 1939: 42, 45. Men det er visst mindre vanleg enn tjukk *l* i konsonantgruppe.) Det talar imot det eg føreslår, for i slik stilling inngjekk ikkje *l* i nokon kvantitetsmotsetnad, og dermed fanst ikkje den drivkrafta eg postulerer. Men når det er så mykje anna som stemmer med forklaringa, ser eg ikkje dette som noka alvorleg innvending. Det burde gå an at korte *l*-ar i konsonantsamband på eit vis gjekk med i dragsuget da andre korte *l*-ar vart retroflekterte til tjukk *l*. Dette tykkjer eg verkar særleg rimeleg i konsonantgruppe der *l* står fyrst etter vokalen, fordi *l*-en da kan ha vorti behandla på same måte som ein *l* som stod åleine etter vokal. Formene /ha(:)ɾs/ på Nordmøre, i Lom, nedre Dalarna og Estland, og /a:ɾn/ og /te:ɾn/ i nedre Dalarna, og truleg vidt ikring før, jf. den vanlege uttalen /ha:s/, /a:n/ og /²tæ:ɲe/ (sjå punkt 1), stør den tanken. Dentalane / alveolarane *n* og *s* hindrar i alle mål *etterfølgjande l* i å bli tjukk (jf. ord som *slå* vb. og eit verb som *tanle* ‘gnaga på’), til dels jamvel “på avstand”. Dagsgard (2006: 178) peikar på at vi skulle venta *sal* m., *sjal* n. og *syl* m. med tjukk *l* i ottadøl, men dei har tynn *l* (liksom i alle andre mål eg veit om; det same gjeld *sval* adj. og /²selja/ inf. motsett /²værja/ inf., i mange mål). Det forklarar Dagsgard som assimilasjon til tungestillinga i *s*-en fremst i ordet. (Jamfør at lågning ofte uteblir i austnorsk i ord som *ty(r)st* og *fy(r)st*, da vel pga. etterfølgjande *s*.) Altså: *n* / *s* + /ɾ/ er ein unaturleg uttalekombinasjon. Når motsett rekkefølgje likevel må ha vori vanleg i ord som *hals*, så kan det vera fordi *hals* vart oppfatta som *hal* + *s*, og det blir jo rekna som ein normal fonologisk analyse i dag. Det kan ha hjulpt tjukk *l* inn i konsonantgrupper som har *l* fyrst, og det kan i sin tur ha hjulpt tjukk *l* inn i ord med dei same konsonantgruppene i motsett rekkefølgje (bortsett altså frå dei konsonantgruppene som det blir altfor bakvendt å uttala, som */st/ og */nɾ/). Også samansettingar med ord som har tjukk *l* kan ha hjulpt tjukk *l* inn i konsonantgruppe, t.d. i eit ord som *kolmile*. Assimilasjon kan òg ha spela med, sidan tjukk *l* så godt som berre finst etter slike konsonantar som ikkje er “Tandlyd” (Storm si nemning, sjå ovanfor i punkt 1) – altså dentalar og alveolarar. Når tjukk *l* er ein retrofleks lyd, gjev det

god meining, sidan retroflektering er bakoverbøying av tunga, ei rørsle bort frå tungeutstrekking mot tennene. Retroflektering kan altså oppfattast som ein motsetnad til tannlyd. Det inneber at tynn *l* etter tannlyd kan oppfattast som assimilasjon til tannlyden – og dermed kanskje òg, omvendt, at tjukk *l* til ein viss grad blir hjelpt fram med assimilasjon til ikkje-tannlyd, når tjukk *l* fyrst finst i språket.²¹

3.4 Rekkefølge og tidfesting

Eg har ikkje hatt høve til å gå gjennom dei gammalnordiske og mellomnordiske kjeldene på nytt, så mitt bidrag til kronologien bygger på døme andre har funni og på resonnement ut frå nyare tids mål.

Fyrst er spørsmålet kva rekkefølge det var mellom *l* > /ʈ/ og *rð* > /ʈ/. Tjukk *l* av *l* kan i prinsippet vera både yngre og eldre enn tjukk *l* av *rð*. Men eg er samd med Ronge i at når tjukk *l* av *l* er meir utbreidd enn tjukk *l* av *rð*, så gjev det ein peikepinn om at tjukk *l* av *l* er eldst. Dessutan vil eg peike på at skrivemåtar med *l* for *rð* (som *skælixtha*, eldre *skiærd-*) ikkje berre viser at *rð* på skrivetidspunktet var vorti tjukk *l*. Dei viser òg at *l* frå før var vorten tjukk *l*, for skrivaren ville ikkje ha skrivi assimilasjonsproduktet av *rð* som *l* dersom ikkje *l* på skrivetidspunktet kunne ha same uttalen. Altså: *rð* kunne ikkje falle saman med tjukk *l* av *l* utan at tjukk *l* av *l* alt fanst. Det same kan ein komma fram til gjennom eit resonnement ikring parallellen mellom *r* og tjukk *l* i retrofleksassimilering av konsonantgruppe. Som fleire har peika på, er *r* og tjukk *l* parallelle når det gjeld retrofleksassimilering med *t*, *n* og *s*. Både *rt*, *rn* og *rs*, og /ʈʈ/ (i bøyingsformer, som *gult* adj. n.), /ʈn/, /ʈs/, blir /ʈ/, /n/ og /s/. Grunnen til det må vera at tjukk *l* er så lik *r*. Altså må tjukk *l* ha vori fullt utvikla, med tungeslag, da retrofleksassimileringa av *lt*, *ln* og *ls* tok til. Sidan assimilasjonsproduktet av *rt*, *rn* og *rs*, og /ʈʈ/, /ʈn/, /ʈs/, blir likt, er det rimelegast om likskapen var på plass – altså mellom *r* og “*l*” – da retrofleksassimileringa av desse konsonantsambanda tok til. Altså: Det er rimelegast om det var tjukk *l* i *lt*, *ln* og *ls* da retrofleksassimileringa av *rt*, *rn* og *rs* tok til. Det inneber at det er rimelegast om tjukk *l* av *l* er eldre enn retrofleksassimileringa av desse konsonantsambanda. Sidan retrofleksassimileringa av *rð*

21. Austnorsk har retrofleks uttale av *sl*, men utan tungeslag i *l*-en. Eg er usikker på samhovet mellom den uttalen av *sl* og det eg drøftar, og på kor utbreidd den uttalen har vori før. Han er ekspansiv i norsk i dag, men ikkje i svensk.

(til tjukk *l*) høyrer til den same overgangen, tyder dette på at tjukk *l* av *l* er eldre enn tjukk *l* av *rð*.

Kor tidleg kan så *rð* ha falli saman med tjukk *l* av *l*? Eg er samd med Ronge (sjå forskingshistoria) i at dei tidlege døma som har vori dregne fram må vrakast (sjå Seip 1934: 77 ff., Indrebø 1951: 133). I dei fleste ligg argumentet i at *r*-en eller *ð*-en vantar, men det kan jo vera skrivefeil, og i mange av døma har *ð*-en stått som den midtre av tre eller fleire konsonantar (t.d. *skurguð* for *skurðguð*, Seip 1934: 78), og da *skal* han falle bort, utan at det seier noko som helst om *l*-kvalitet. Skrivemåten *áltið* (*altið*) for *ártið* f. 'sjelemessedag' finst heimla i norsk så tidleg som 1255, seinare fleire gonger. Den har fleire (t.d. Seip 1934: 77) brukt som prov for retrofleksassimilering av *rt* og /ʀt/ så tidleg. Det er lite sætande. Skrivemåten "är tidigt belagd även i västnorska källor" (Ronge 1993: 195), og når akkurat dette ordet ofte blir skrivi slik, medan vi ikkje har andre klåre døme på slik retrofleksassimilering, så er det helst slik at akkurat dette ordet har fått *l* i staden for *r* i ein del mål. (Slike spontane lydovergangar finst det ein del døme på, t.d. *våk(e)n* for *våp(e)n* 'reiskap til å skada med' i norsk, *glytta* > *grytte* vb., *røykbar* > *røykbal*, *rabbal* 'bjelke over elden' *nokre* / *nokle* pron.) Også *þiufvalabot* i Västmannalagen, som somme meiner er **þiuf-varðabot* (Sjöstedt 1936: 285), er uvisst. Ordet er ikkje heimla andre stader og er ikkje sikkert identifisert.

Enger sitt resonnement (1994, sjå forskingshistoria) er eit anna interessant forsøk på å vise at tjukk *l* av *rð* er seinare enn ein har meint, men det ser ut til at resonnementet ikkje held vatn. Det var neppe i overgangen *jɔ* > *jø* at ord med *rð* vart skilde frå resten, slik Enger føreset; det skjedde truleg før. Det er brei semje om at den skandinaviske særvoksteren med /u:/-uttale (eller diftong, Larsen 1976: 151–52) i ord som *jord* og *fjord*, kjem av vokalforlenging føre konsonantgruppa (sjå Heide 2004). Det er fordi det er gammalnordisk (lang) *ó* som gjev /u:/ (døme: *sól* f., *skór* m., *tók* pret.), medan gammalnordisk (kort) *o* gjev /o:/ eller /ø:/, eller kort vokal med same kvalitet (døme: norrønt *hol* n., *lok* n, *lofa*

vb.).²² Dette nemner Enger, men tek ikkje konsekvensen av det, som er at vokalismen i ord som *fjorð(r)* og *fjøl* skilde lag alt den gongen *ø* vart forlengd framføre *rð* (*fjorð*- > */fjɔ:rð/- > */fjo:rð/-, men /fjɔl/). Da er det irrelevant at *jø* i andre ord sidan vart *jø* (/fjɔl/ > /fjøl/), og kva tid det skjedde. Vokalforlenginga i ord som *fjorð(r)* er dessverre usynleg i kjeldene, så ho kan godt ha skjedd så tidleg at *jø/jø*-komplekset ikkje motseier den gjengse dateringa av *rð* > *tjuokk l*.

Men det er andre ting som stør Ronge i at overgangen er yngre enn ein har meint. Det eine er i trøndersk. Der er gammal *-erð* vorti /a:ɾ/, eller /a:r/ i “kilen” frå vest inn til Selbu (sjå figur 1), som i /⁽²⁾ja:ɾ(e)/, /²ja:re/ av *gerði* n. ‘jorde’. Denne overgangen må ha skjedd før *rð* vart /ɾ/ eller *r*, for vi finn han ikkje i ord med opphavleg *-el*. Etter Hægstad (1899: 67) skjedde overgangen *-erð* > *-arð* i løpet av 1200-talet. I så fall er overgangen *rð* > *tjuokk l* i trøndersk yngre enn 1200-talet. Det Beito peikar på (pkt. 3.2.4), om jamvektsformer som /²bø:ɾɥ/ av *byrða* / *byrðu* ‘mjølkiste’ og /²ɛæ:ɾa/ av *skerða* ‘gjera skard i’, tyder på det same. Som nemnt, viser dei at jamvekstlova tok til å gjelde seinare i den vestre utkanten av jamvektsområdet enn lenger aust, nemleg etter at *rð* var smelta saman til enkel konsonant /ɾ/. Samtidig kan dei tilsvarende formene med redusert endevokal i dei sentrale Austlands- og Trøndelags-bygdene brukast til å fastsetta bakre tidsgrense for overgangen *rð* > *tjuokk l*. For der må den overgangen ha skjedd etter at trykklette vokalar vart svekte, og den overgangen er det ikkje så vanskeleg å tidfeste. I austlandsk skrift er det mange døme frå slutten av 1200-talet (Indrebø 1951: 134), så kanskje kan vi rekne at vokalsvekkinga var gjennomført på Austlandet ikring 1300. I Trøndelag er det “berre reint fåe døme fyre 1300” (ibid), så der var vel vokalsvekkinga gjennomført nokre tiår utpå 1300-talet. Fyrst etter dette kan *rð* ha smelta saman til éin konsonant i dei sentrale Trøndelags-bygdene. Elles skulle det heitt */²bø(:)ɾɥ/ og */²ɛæ(:)ɾa/ der òg, med bevart

22. I dei fleste mål er dei overlange stavingane som oppstod borte no, pga. ð-bortfallet, men dei har enno lang vokal, og overlengd finst enno i dalmål, gotlandsk og austlegaste svensk (Nyland og Estland), der *rð* er bevart (jf. figur 2 og Levander 1925–28 II: 76, Gustavson 1940–48 II: 121 ff., Hultman 1894: § 43–44, Harling-Kranck 1998: 133), og i nokre av orda som har *rð* bevart som *rd* i Telemark og Aust-Agder (sjå 4.1.): /hæ:rd/ f., /a:rd/ f., /2va:rde/ m. (Larsen 1976 [1890–91]: 171). Slike overlange stavingar er òg bevarte føre *rt*, som har gjevi same voksteren, t.d. i mange norske dialektar i eit ord som *hjarte* n. og i ord som *svart* adj., *skjorte* f. og *sturte* vb. mange stader i Sørvest-Noreg (Larsen 1976 [1890–91]: 151–52) og stundom i dei nemnde svenske måla.

fullvokal i endinga. Altså: Vi kan truleg setta noko slikt som 1320 som bakre grense for overgangen *rð* > tjukk *l* i Trøndelag, og 1290 for det norske Austlandet. Om det kan settast noka bakre grense for Midt-Sverige, kjenner eg ikkje til. Kanskje kunne ei slik gransking som Beito gjorde for Aust-Noreg, gjevi grunnlag for ei slik grense.²³

Kor *seint* kan så *rð* og *l* ha vorti tjukk *l*? Det vi står att med etter Ronge (1993) si “siling” er at det eldste sikre dømet på <l> for *rð* i Sverige er frå 1459, i Uppland, og på det norske Austlandet frå like etter 1500. Vi må likevel kunne gå ut frå at tjukk *l* av *rð* er vesentleg eldre enn det. For det fyrste må skrifttradisjonen ha gjort at dei skreiv *rd* lenge etter at uttalen var vorten tjukk *l*; det er symptomatisk at dei eldste *l*-døma er *namn* på gardar og småstader (sjå Sjöstedt 1936: 285 ff.), som sjølvsagt har veikare skrifttradisjon enn vanlege appellativ har. For det andre ville det vori eit makelaust lukketreff om dei fyrste døma på *l*-skrivning for eldre *rd* skulle ha overlevd fram til oss; dei fleste dokumenta frå mellomalderen har jo gått tapt.²⁴

23. Når det heiter *varda* inf. og *nattvard* (m.) på svensk, i staden for **värda* og **nattvärd*, så kan det sjå ut som svensk har den same overgangen som trøndersk, og da burde det same resonnementet gå an der. Men det er berre nokre ord som har *a* der vi skulle vente *e/ä*, jf. *gårde*, *svärd*, *vär(l)d* og *hård*.
24. Formene med *rð* ståande som *rd* i Telemark og Aust-Agder (sjå pkt. 3.13.1) opnar for eit resonnement om kor lenge *ð* i *rð* stod i den vestre delen av landet, der *rð* ikkje vart tjukk *l*. Når det gjeld tungestillinga er *rd* ein mellomting mellom /r/ og *rð*. I /r/ er tunga retroflektert, og i *ð* er ho framstrekt heilt til tennene. Både *r* og *d* er noko imellom det. Dermed er *rd* ein naturleg overgangstype. (Uttalen *rd* på grensa mellom *r*-uttalen og /r/-uttalen kan òg sjåast som ein parallell til uttalen *dd* i ord som *falle* vb. i Setesdal og Vest-Telemark, på grensa mellom uttalen *dl* [i vest] og *ll* [i aust]. I begge tilfella har grensemåla ein uttale meir “skjerpa” enn noko av hovudmåla har.) Samtidig tyder han på at den vestlege “reaksjonen” på retroflektteringa /samansmeltinga av *rð* ikkje var å kaste *ð*-en og slik få same kvantitet som det vart i aust, men å ta vare på konsonantsambandet. (Eg klarer ikkje å sjå *rd* som nokon mellomting mellom *r* og /r/.) Det er i og for seg naturleg ut frå at overgangen *rð* > tjukk *l* er retrofleksassimilering. Det motsette av retrofleksassimilering er ikkje ein annan type assimilering, men ikkje-assimilering. (At *ð* seinare likevel fell i *rð* i vestnorsk er naturleg fordi *ð* allment fell bortsett frå etter visse konsonantar (som *ð* blir assimilert til og derfor blir *d*). At *ð* i *rð* står [som *rd*] i finlandssvenske dialektar er like naturleg, for der står *ð* allment som *d*.) Materialet til Beito viser elles at *ð* i *rð* på Nordmøre og i “kilen” frå sørvest i Sør-Trøndelag fall før kvantitetsomlegginga. – At *rð* står som *rd* i preteritum i mange Vestlands-dialektar (t.d. *høyrede*) har sjølvsagt med systemtvang å gjera. Men det kan òg ha spela med at *rð* alltid har vokal etter seg i desse formene, og i slik stode står konsonantsamband seg betre mot assimilasjon. Jamfør *lann* – *lande* (*land* i ubunden og bunden form) i Gudbrandsdalen og på Nordmøre. Den vanlege skilnaden *høyrede* : *spore* (< *heyrði*, *spurði*) kan i så fall forklarast med at konsonantgruppe gjerne held seg lenger etter lang vokal(isme) (Heide 2004). Det kan i så fall òg forklare den tilsvarende skilnaden /^hhø:te/, /^hhø:de/ : /^sspu:te/ i austnorsk.

I punkt 3.2.4 såg vi at tjukk *l* med begge opphav i gudbrandsdøl og mange finlandssvenske dialektar er kommen før kvantitetsomlegginga, og det er neppe grunn til å tru at det var annleis i andre mål. I så fall bør tjukk *l* generelt ha kommi før kvantitetsomlegginga. Den er det heller ikkje uproblematisk å datere, m.a. fordi visse typar stuttstavingar blir forlengde før andre, særleg slike som har *a* i rota. (Gudbrandsdøl har i prinsippet stuttstavingar, men *dal(r)* er likevel blitt til /da:ɾ/) Likevel skulle Wessén (1968: 80) si generelle formulering for svensk, dvs. midt-svensk, vera gyldig: “Stavelseförlängningen tillhör väsentligen 1400-talet”. På bakgrunn av det bør overgangen *rð* > tjukk *l* truleg skuvast attende til 1300-talet, når det gjeld Sverige. Når det gjeld Aust-Noreg (med Trøndelag), er situasjonen vanskelegare. Eg er kommen fram til at tjukk *l* av *rð* der bør plasserast etter vokalsvekkinga, som eg set til ikr. 1300 på Austlandet og 1330 i Trøndelag. Men sidan det finst fleire “øyar” som har hatt stuttstavingar fram mot vår tid både på Austlandet og i Trøndelag (Indrebø 1951: 221), har neppe kvantitetsomlegginga i Aust-Noreg skjedd før langt frami tida. (Når Indrebø [ibid: 221] set starten på kvantitetsomlegginga til fyrstninga av mellomnorsk tid, som han reknar frå 1350, så kan det gjelde vestnorsk.) Her kan altså ikkje kvantitetsomlegginga skuve *rð* > tjukk *l* bakom dei skriftlege belegga frå like etter 1500. Men eg ser heller ikkje noko som motseier at overgangen skjedde på 1300-talet i Aust-Noreg – bortsett frå at noko slikt ikkje er heimla i skrift før etter 1500, og det er sjølvsagt viktig. Dersom vi skyv overgangen i Aust-Noreg like langt bakom eldste skriftlege døme som eg meiner vi kan for Midt-Sverige, blir resultatet at overgangen skjedde før 1450 i Aust-Noreg.

Eg kjem fram til at tjukk *l* av *rð* kom i Midt-Sverige før 1400, på det norske Austlandet ein gong mellom 1300 og 1450, og i Trøndelag mellom 1330 og 1450. Kva tid i løpet av desse periodane han kom, har eg ikkje grunnlag for å seia. Over alt er truleg tjukk *l* av *l* eldre. Desse resultatane er uvisse, men langtfrå gripne ut or lufta.

Eg følgjer altså Ronge i at skriftkjeldene tyder på at tjukk *l* av *rð* kom tidlegare i Midt-Sverige enn i Aust-Noreg. Det treng likevel ikkje vera slik (som Ronge og Sjöstedt meiner) at innovasjonen tok til i Aust-Sverige (eller eit anna, ikkje utpeika kjerneområde; Sjöstedt) og spreidde seg derifrå, som ringar i vatn. Det ville det neppe ha vori tid til, når det ikkje kan sannsynleggjerast meir enn 50 års skilnad i tid mellom Aust-Sverige

og Aust-Noreg. Det kan heller ha vori slik at store delar av Sentral-Norden var “disponerte” for endringa og fekk ho på (om lag) same tid. Slik forklarar jo mange den parallelle segmenteringa på det norske Sør-Vestlandet og på øyane i Norskehavet (sjå Haugen 1976: 203), og det er vanskeleg å forklare den parallelle palataliseringa i austsvensk, dansk og nordvestnorsk på anna vis (figur 4).

4 Konklusjon

Eg er kommen fram til at retrofleksen tjukk *l* oppstod av *l* som ein måte å tydeleggjera kort kvantitet på innanfor det gamle kvantitetssystemet og at han finst i Sentral-Norden fordi retroflektering er ein sentralnordisk innovasjon. Tjukk *l* av *rð* kjem derimot av retrofleksassimilering av *rð*, på linje med /d/ og /t/ av *rd* og *rt*. På eitt plan er dermed tjukk *l* av *rð* uavhengig av tjukk *l* av *l*, men på eit djupare plan er begge utslag av den tendensen til retroflektering som dei sentralskandinaviske måla har.

Det ser ut til at det innanfor det gammalnordiske kvantitetssystemet, før kvantitetssomlegginga, var ein tendens til å tydeleggjera kvantitetsmotsetnadene med kvalitative tillegg, altså ei kvantitativt bestemd kvalitetskløyving. Dette gjeld både *l(l)*, *n(n)* og korte og lange vokalar. Kort *l* og til dels *n* vart retroflekterte, medan lang *ll* og *nn* vart palataliserte eller segmenterte. Når det gjeld vokalane, vart dei korte lægde (eller framskovne), medan dei lange vart diftongerte (segmenterte). Fonologisk er det stort samsvar mellom kvalitetskløyvinga av *l(l)* og *n(n)* og vokalkvalitetskløyvinga. I vokallågning blir tungeryggen lægd, og det blir han òg i retroflektering av *l* og *n*. Omvendt blir tungeryggen heva i diftongering, palatalisering og segmentering. I palatalisering blir tungespissen dessutan lægd. Dei to hovudretningane i kvalitetskløyvinga kan altså sjåast som motsetnader når det gjeld tungestillinga. Geografisk er det òg stort samsvar mellom konsonantkvalitetskløyvinga av *l(l)* og *n(n)* og vokalkvalitetskløyvinga. Retroflektering av kort *l* (til tjukk *l*), og av kort *n*, der ho finst, er eit sentralnordisk fenomen, og det same er lågning av gamle korte vokalar. Segmentering og palatalisering av *ll* og *nn* finn vi derimot mest i randsonane, særleg i mål som ikkje retroflekterer, og det same gjeld diftongering av gamle lange vokalar. Dessutan følgjer øvre Dalarna randsonane.

For meg ser det ut til at ein umedveten trong hos talarane i alle fall har medverka sterkt til kvalitetskløyvinga og dermed til utviklinga av tjukk *l*. Det er fordi det langt på veg er geografisk komplementær fordeling av tendensen til tungeryggheving i uttalen av (opphavleg) lange lydar og tungeryggglæging i uttalen av (opphavleg) korte lydar. Dermed ser det ut til at dei to tendensane er ulike “utløp” for det same “trykket i dampkjelen” – slepp det ut éin stad, så treng det ikkje sleppe ut ein annan stad. Det “trykket” kan vanskeleg vera anna enn “strevet” etter å halde (dei gamle) kvantitetane skilde.

Somt tyder på at det var kvalitetsmotsetnad knytt til kvantitetsmotsetnadene *l* : *ll* og *n* : *nn* også på det fellesnordiske steget, før retroflekteringa, palataliseringa og segmenteringa. Den kan ha vori om lag som framleis i nokre grender i Älvdalen mellom kort og lang *n*, der den korte ikkje er retroflektert. Der skal den korte vera alveolar, den lange dental. Tungestillingsskilnaden mellom *n* og *nn* er da som i Norden samla sett i seinare tider, berre mindre utprega: I den gamle korte er tungespissen høgare og tungeryggen lågare (og enda meir i tjukk *l* og tjukk *n*); i den gamle lange er tungeryggen høgare og tungespissen lågare (og enda meir i palatal og segmentert *ll* og *nn*). Dersom det fellesnordiske utgangspunktet var (i prinsippet) slik, har den regionfordelte kvalitetskløyvinga etter gammalnordisk ikkje gått ut på at Sentral-Norden og randsonane “fann på” noko heilt nytt, berre at dei forsterka kvar sin tendens som fanst i fellesspråket. Dermed blir det òg forståeleg at randsonane kunne få same innovasjonen /-ane (nemleg palatalisering eller / og segmentering), utan kontakt, men likevel som ein del av same mønsteret. Føresetnadene fanst i det felles utgangspunktet. Vi kan likevel ikkje veta at fellesnordisk *n(n)* – og *l(l)*? – hadde akkurat same kvalitet som i älvdaalsmål. Men älvdaalsmålet viser at det kan ha vori kvalitetsmotsetnad utan “fullt utslag” til retroflektering eller palatalisering / segmentering.

Det er ikkje noko nytt å sjå tjukk *l*, tjukk *n* og palatalisert og segmentert *ll* og *nn* i samanheng. Det nye eg har gjort er fyrst og fremst å konstatere kor dei ulike innovasjonane fordeler seg geografisk i Norden, dernest å kople kvalitetskløyvinga av konsonantar og vokalar, og så sjå tjukk *l* i høve til alt dette.

Når det gjeld dateringa av tjukk *l*, har eg prøvd å supplere Ronge sin nøkterne bruk av mellomnordiske kjelder med nokre lydlovsresonnement. Eg er kommen fram til at tjukk *l* av *rð* truleg kom i Midt-Sve-

rige før 1400, på det norske Austlandet ein gong mellom 1300 og 1450, og i Trøndelag mellom 1330 og 1450. Kva tid i løpet av desse periodane han kom, har eg ikkje grunnlag for å seia. Som Ronge, motsett dei fleste tidlegare granskarar, er eg kommen fram til at tjukk *l* av *l* er eldre. Date-ringane eg set fram, er noko tidlegare enn Ronge sine, men seinare enn dei tidlegare språkhistorikarar kom fram til. Eg ser ingen ting som tyder på at vikingtidsspråket hadde tjukk *l*, slik somme framleis hevdar.

5 Sluttmerknad om metode

Den metoden eg har brukt i denne artikkelen er tradisjonell, men nokså lite brukt i dag. Likevel meiner eg det fyrst og fremst er den som må brukast om vi skal kunne løyse dei uløyste problema i språkhistoria – anten eg har eller ikkje har råka blink i denne artikkelen. Derfor vil eg avslutte med nokre punkt om kva type språkhistoriegransking eg ønskjer meg meir av. – Det aller viktigaste er etter mitt syn å *kjenne eit stort materiale og sjå etter mønster i det*. Dette idealet inneber minst fire ting:

- ▶ Å ha omfattande kjennskap til opphavsspråket; her hos oss gammalnordisk.
- ▶ Å skaffe seg brei, djup kjennskap til det fenomenet ein granskar og tilgrensande fenomen, altså sjølv empirien, medrekna avvikande raritetar og detaljar som ved fyrste augnekast verkar uvesentlege. Vil ein til dømes forstå nasalbortfallet i mellomnorsk, så har ein størst sjanse til å lukkast om ein ser målføra i heile Norden i samanheng og set seg inn i både dei mellomnordiske kjeldene og liknande vokster i synkopetidsnordisk og i vestgermanske og romanske mål.
- ▶ Å skaffe seg inngåande kjennskap til lydlovstilhøva i det materialet (dei måla) ein granskar: Kva er lydrett? Kva skal vi vente å finne? Korleis kan avvik forklarast? – osv.
- ▶ Å skaffe seg oversikt over kva tidlegare granskarar (medrekna dei fyrste seriøse, på 1800-talet) har meint og tenkt om det problemet ein granskar.

Å ha breitt oversyn er viktig fordi oppgåva til forskaren er å leite etter den forståingsmodellen som kan forklare mest av materialet. Da må heile ma-

terialet med, ideelt sett. Elles går ein glipp av input i reknestykket. Fordelen med det breie utsynet kan òg uttrykkast slik at det blir lettare å sjå mønster i materialet. Avvika og detaljane er viktige fordi dei kan vera “sprekkar” som opnar “gløtt” inn i problemet (litt som fotnotane i Der-rida si litteraturlesing).²⁵ Noko liknande gjeld den inngåande kjennska-pen til forskingshistoria. Grundig arbeid med forskingshistorie er sjølvsa-gt ei plikt, men viktigare er det at ein får innspel til sin eigen her-meneutiske prosess. Mi røynsle er at det alltid er heilt avgjerande og at dei viktigaste innspela like gjerne kan komma frå den eldste som den yngste litteraturen. Arbeidet med denne artikkelen sprang ut av Larsen (1886) si påvising av samho-vet mellom tjukk *l* og *n* og palatal *l(l)* og *n(n)*. Min forklaringsidé kom da eg såg fordelinga av desse lydane i Norden, altså da eg hadde fått det breie utsynet.

Litteratur

- Ahlbäck, Olav. 1976—. *Ordbok över Finlands svenska folkmål*. 3 band. Forskningscentralen för de inhemska språken, Skrifter 1. Helsing-fors: Forskningscentralen för de inhemska språken.
- Ásgeir Blöndal Magnússon. 1959. “Um framburðinn rd, gd, fd”. *Íslensk tunga. Tímarit um íslenska og almenna málfræði [Lingua Islandica]* 1: 9–25.
- Bakken, Kristin. 2001. “Fokk og fjødd – om utviklingen av gammel-norsk *l* i Vest-Telemark”. *Maal og Minne* 2001: 183–209.
- Bandle, Oskar. 1956. *Die Sprache der Guðbrandsbiblía. Ortographie und Laute, Formen*. Bibliotheca Arnamagnæana 17. Kopenhagen: Munks-gaard.
- . 1973. *Die Gliederung des Nordgermanischen*. Beiträge zur nordischen Philologie. Basel und Stuttgart: Helbing & Lichtenhahn.
- Beito, Olav T. 1975. “Jamveksformer av ord med intervokalisk *rð* > *t* eller *r*, og *rt* > *t*”. *Maal og Minne* 1925: 61–64.
- Borg, Arve. 1971. *Palatalisering av dentalar*. Uprenta hovudoppgåve, Uni-versitetet i Oslo.
- Celander, Hilding. 1906. *Om övergången av ð > d i fornisländskan och forn-norskan*. Akademisk avhandling. Lund.
25. Mykje dei same prinsippa går eg inn for i førkrysten religions- og kulturhistorie, sjå Heide 2006b, 2006c, 2006a og 2009.

- Chapman, Kenneth G. 1962. *Icelandic-Norwegian linguistic relationships*. Scandinavian university books 7. Oslo: Universitetsforlaget.
- Christiansen, Hallfrid. 1946–48. *Norske dialekter*. (Hft. 1–3). Oslo: Tanum.
- Dagsgard, Asbjørn. 2006. *Målet i Lom og Skjåk. Grammatikk og ordliste*. [Lom og Skjåk]: Lom kommune og Skjåk kommune.
- Enger, Hans-Olav. 1994. “To lydhistoriske småstykker”. *Maal og Minne* 1994: 135–42.
- Gustavson, Herbert. 1940–48. *Gutamålet. En historisk-deskriptiv översikt*. 2 band. Svenska landsmål och svenskt folkliv. Ser. B 42, 50. Uppsala.
- Gvåle, Gudrun Hovde ofl. 1985. *Hått sie du? Målføra i Hjartdal, Sauland og Tuddal*. Sauland: Hjartdal mållag.
- Harling-Kranck, Gunilla. 1998. “Finlandssvenska dialekter.” I Gunilla Harling-Kranck (red.): *Från Pyttis till Nedervetil*. Skrifter utgivna av Svenska litteratursällskapet i Finland 610, 139–59. Helsingfors: Svenska litteratursällskapet i Finland.
- Harling-Kranck, Gunilla (red.). 1998. *Från Pyttis till Nedervetil. Tjugonio prov på dialekter i Nyland, Åboland, Åland och Österbotten*. Skrifter utgivna av Svenska litteratursällskapet i Finland. Helsingfors: Svenska Litteratursällskapet i Finland.
- Haugen, Einar. 1976. *The Scandinavian languages. An introduction to their history*. London: Faber and Faber.
- Heide, Eldar. 2004. “Uventa ikkje-patalal *n* av *nd* i nordnorsk. Typen *gandr* > /ga:n/.” *Maal og Minne* 2004: 56–69.
- . 2006a. “Spirits through respiratory passages.” I John McKinnel m. fl. (red.): *The Fantastic in Old Norse / Icelandic Literature. Sagas and the British Isles. Preprint Papers of The 13th International Saga Conference, Durham and York, 6th–12th August, 2006*, 350–58. Elektronisk versjon på <http://www.dur.ac.uk/medieval.www/sagaconf/heide.htm>. [Durham]: [University of Durham].
- . 2006b. “Spinning *seiðr*.” I Anders Andrén m. fl. (red.): *Old Norse religion in long-term perspectives. Origins, changes, and interactions. An international conference in Lund, Sweden, June 3–7, 2004*. Vägar till Midgård 8, 164–70. Lund: Nordic Academic Press.
- . 2006c. *Gand, seid og åndevind*. Dr. art.-avhandling, Universitetet i Bergen.
- . 2009. “More inroads to pre-Christian notions, after all? The potential of late evidence.” *Á austrvega. Saga and East Scandinavia. Preprint*

- Papers of The 14th International Saga Conference. Uppsala, 9th–15th August 2009.* 8 pages.
- Hesselman, Bengt. 1948. *Huvudlinjer i nordisk språkhistoria*. Nordisk kultur III–IV. 3 hefte med løpande paginering. Uppsala: Almqvist och Wiksell.
- Hultman, Olof. 1894. “De östsvenska dialekterna.” *Finländska bidrag till svensk språk- och folklivsforskning*, 113–303. Ög som bok, same år og stad, med likt sideoppsett, men paginering 1–195. Helsingfors: Svenska landsmålsföreningen i Helsingfors.
- Hægstad, Marius. 1899. *Gamalt trøndermaal. Opplysninger um maalet i Trøndelag fyrr 1350 og ei utgreiding um vokalverket*. Videnskabsselskabets Skrifter. II. Historisk-filosofiske Klasse. Kristiania.
- . 1900. *Hildinakvadet. Med utgreiding um det norske maal paa Shetland i eldre tid*. Videnskabsselskabets Skrifter. II, Historisk-filosofiske Klasse. Christiania: I Kommission hos Jacob Dybwad.
- Indrebø, Gustav. 1951 [før 1942]. *Norsk Målsoga*. Bergen: [Norsk Bokreidingslag].
- Iversen, Ragnvald. 1913. *Senjen-maalet. Lydverket i hoveddrag*. Videnskapsselskapets skrifter. II, Hist.-filos. klasse, 1912: 4. Kristiania: I kommisjon hos Dybwad.
- Jakob Benediktsson. 1959. “Um tvenns konar framburð á ld í íslenzku”. *Íslenzk tunga. Tímarit um íslenzka og almenna málfræði [Lingua Islandica]* 1: 32–50.
- Jansson, Valter. 1944. “Palataliserade dentaler i nordiska språk.” I K.G. Ljunggren (red.): *Festskrift till Jöran Sahlgren 8. 4. 1944*, 447–64. Lund: Gleerup.
- Kock, Axel. 1883. “Om svenskans behandling af ljudförbindelsen *iū* ock om fornsvenskans *l*-ljud”. *Svenska landsmål och svenskt folkliv* 2–12, 1–13.
- . 1893. “Till frågan om supradentalt *l* och *n* i det nordiska fornspråket”. *Arkiv för nordisk filologi* 5: 254–68.
- Kolsrud, Sigurd. 1927. “Nokre overganger i indre Austlandsmaal.” *Festskrift til Hjalmar Falk 30. desember 1927. Fra elever, venner og kolleger*, 430–58. Oslo: Aschehoug.
- . 1951. *Nynorsken i sine målføre*. Oslo: I kommisjon Dybwad.
- Kristoffersen, Gjert. 2000. *The phonology of Norwegian*. The Phonology of the world's languages. Oxford: Oxford University Press.
- Kusmenko, Jurij. 1997. “Det tjocka *l*-ets historia i nordiska språk.” I Patrik Åström (red.): *Studier i svensk språkhistoria 4. Förhandlingar vid*

- Fjärde sammankomsten för svenska språkets historia. Stockholm 1.–3. november 1995.* MINS 44, 119–27. Stockholm: Institutionen för nordiska språk, Stockholms universitet.
- Langleite, Erling. 1974. “Gudbrandsdalsmål.” I Ola Skogstad (red.): *Austlandsmål. Språkarv og språkbruk på indre Austlandet*, 78–91. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Larsen, Amund B. 1886. *Oversigt over de trondhjemske dialekters slægtskabsforhold*. Det kgl. Norske vidensk. selskabs skrifter 1885. Trondhjem.
- . 1897. *Oversigt over de norske bygdemål*. Kristiania: Aschehoug.
- . 1907. *Kristiania bymål. Vulgærsproget med henblik på den utvungne dagligtale*. Kristiania: Cammermeyer.
- . 1948. *Oversigt over de norske bygdemål*. Oslo: Aschehoug.
- . 1976 [1890–91]. “Indberetning fra adjunkt Amund B. Larsen om reiser foretagne med offentlig stipendium i årene 1888–1890 for at studere bygdemålene i Kristiansands stift.” I Magne Myhren (red.): *Amund B. Larsen: Skrifter*. Fyrste gong prenta i Universitets- og Skole-Annaler. Ny række. 5^{te} aargang. 1890 og 6^{te} aargang 1891, 131–205. Oslo: Universitetsforlaget.
- . 1976 [1897–1902]. “Arbeidsmeldinger.” I Magne Myhren (red.): *Amund B. Larsen: Skrifter*, 227–46. Fyrste gong prenta i *Maal og Minne* 1949. Manuskript frå 1897–1902. Oslo: Universitetsforlaget.
- Levander, Lars. 1925–28. *Dalmålet. Beskrivning och historia*. 2 band. Uppsala: Appelberg.
- Molde, Ann-Kristin. 2005. *Innføringen av tjukk l og retrofleksjer i østlandsk - en empirisk avklaring og optimalitetsteoretisk analyse*. Hovedoppgave. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, juni 2005.
- Myrvang, Finn. 1972. “Palatalar - allofonar eller eigne fonem?”. *Maal og Minne* 1972: 66–73.
- Naert, Pierre. 1946. “Ur min färöiska kortlåda”. *Arkiv för nordisk filologi* 61: 126–40.
- Noreen, Adolf. 1904. *Altschwedische Grammatik mit Einschluss des Altgutnischen*. Sammlung kurzer Grammatiken germanischer Dialekte 8, altnordische Grammatik. Halle: Niemeyer.
- . 1923. *Altisländische und altnorwegische Grammatik (Laut- und Flexionslehre) unter Berücksichtigung des urnordischen*. Altnordische Grammatik I. Sammlung kurzer Grammatiken germanischer Dialekte. A, Hauptreihe 4 1. Vierte vollständig umgearbeitete Auflage. Halle: Max Niemeyer.

- Nyström, Gunnar. 1982. "Om maskulina substantiv på *-l* i älvdalsmålet". *Svenska landsmål och svenskt folkliv* 105. 52–77.
- . 2000. "Språkhistorien och vår tids svenska dialekter. Nya rön om Älvdalsmålet morfologi." I Lars-Erik Edlund (red.): *Studier i svensk språkhistoria* 5. *Förhandlingar vid Femte sammankomsten för svenska språkets historia. Umeå 20–22 november 1997*. Nordsvenska 11, 25–48. Umeå: Institutionen för litteraturvetenskap och nordiska språk vid Umeå universitet.
- Reitan, Jørgen. 1906. *Aalens maalføre. Kort fremstilling av lydlæren med oversigt over ordenes bøjning*. Videnskabs-selskabets skrifter. II, Hist.-filos. klasse. Christiania: I kommission hos Jacob Dybwad.
- Ronge, Hans H. 1993. "Kakuminalt *l* – ålder och ursprung." I Lars Wolin (red.): *Studier i svensk språkhistoria* 3. *Förhandlingar vid Tredje sammankomsten för svenska språkets historia, Uppsala 15. – 17. oktober 1992*, 193–201. Skrifter utgivna av Institutionen för nordiska språk vid Uppsala universitet. [Uppsala]: Institutionen för nordiska språk vid Uppsala universitet.
- Ross, Hans. 1907. *Norske Bygdemaal. III. Oust-telemaal o numedalsmaal. IV. Hallingmaal o valdresmaal. V. Gudbrandsdalsmaal. VI. Upplandsmaal*. Videnskabs-selskabets skrifter II, Hist.-filos. klasse 1907: 5. Christiania: I kommission hos Dybwad.
- Sandøy, Helge. 1987. *Norsk dialektkunnskap*. Oslo: Novus.
- . 1996. *Talemål*. 2. utg. Oslo: Novus.
- . 2003. "Språkendringar med eller utan kontakt i Vest-Norden?" I Kristján Árnason (red.): *Útnorður. West Nordic standardisation and variation. Papers from a symposium in Stockholm October 7th 2001*. Reykjavík: Institute of Linguistics, University of Iceland Press. 81–110.
- Seip, Didrik Arup. 1931. *Norsk språkhistorie til omkring 1370*. Oslo: Aschehoug.
- . 1934. *Studier i norsk språkhistorie*. Oslo: Aschehoug.
- Sjöstedt, Gösta. 1936. *Studier över r-ljuden i sydsandinaviska mål*. Skrifter utgivna genom Landsmålsarkivet i Lund. Lund: Landsmålsarkivet.
- Skautrup, Peter. 1944. *Det danske sprogs historie. 1. Fra guldhornene til Jyske lov*. København.
- Skjekkeland, Martin. 1997. *Dei norske dialektane. Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Skomedal, Trygve. 1971. "Vokalsystemet i Sætedalsmålet." I Hallvard Magerøy og Kjell Venås (red.): *Mål og namn. Studiar i nordisk mål- og nam-*

- negransking*, 291–306. Oslo – Bergen – Tromsø: Universitetsforlaget.
- Skulerud, Olai. 1918–38. *Tinnsmaalet*. 2 band. Halle a.S.: Niemeyer.
- . 1934. “Um tviljoding av vokalar i bygdemåli på Søre Sunnmøre.” *Studia Germanica tillägnade Ernst Albin Kock den 6 december 1934*, 328–48. Lunder germanistische Forschungen 1. Lund: Gleerup.
- Solstrand, Väinö. 1925. “Svensk stavelseförlängning. Med särskild hänsyn till språket i Åland och Uppland”. *Studier i nordisk filologi* 16:1. 1–116.
- Sommerfelt, Alf. 1952. “Differensiasjonen av *ll* til *dl* i norrønt språk.” I H. Bach (red.): *Festskrift til L. L. Hammerich på tresårsdagen, den 31. juli 1952*, 219–21. København: Gad.
- Storm, Johan. 1884. “Norsk Lydskrift med Omrids af Fonetiken”. *Norvegia. Tidsskrift for det norske folks maal og minder* 1: 19–179.
- Sundberg, Eva. 1993. *Dialekten i Ålands nordöstra skärgård*. Mariehamn: Ålands högskola.
- Tiberg, Nils. 1962. *Estlandssvenska språkdrag*. Estlandssvenskarnas folkliga kultur 6. Uppsala: Lundequistska bokhandeln.
- Torp, Arne og Lars S. Vikør. 2003. *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. 3. utg. 1. utg. Oslo: Ad Notam Gyldendal, 1993. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Vendell, Herman. 1904. “Översiktlig framställning av de östsvenska målens ljud- och böjningsförhållanden.” *Ordbok över de östsvenska dialekterna I*. Skrifter utgifna af Svenska litteratursällskapet i Finland 64, XV–XLII. Helsingfors: Svenska litteratursällskapet i Finland.
- Wessen, Elias. 1945. *Svensk språkhistoria. 1: Ljudlära och ordböjningslära*. 2. upplaga. Stockholm: Filologiska föreningen vid Stockholms högskola.
- Wessén, Elias. 1968. *Svensk språkhistoria* 1. 8. upplaga. Stockholm.
- Zetterholm, D. O. 1939. *Om supradentala ock kakuminala n-ljud i nordiska språk*. Svenska landsmål och svenskt folkliv B. Uppsala.
- Zilliacus, Kurt. 1992. *Åboländska*. Föreningen Konstsamfundets publikationsserie. Forskningscentralen för de inhemska språken. Helsingfors: Konstsamfundet.

Eldar Heide

Senter for mellomalderstudiar /
Centre for Medieval Studies (CMS)
Universitetet i Bergen
Postboks 7805
N-5020 Bergen
eldar.heide@cms.uib.no